



# Kartlegging av naturtypar i Sandøy kommune



*Ressurssenteret i Tingvoll  
Rapport nr. 1-2005*

|   |  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
|---|--|-------------------------------|--------------------|------------------------|---------|-----------|------|----------------|----------|-----|------|------|
| Oppdragstakar:<br>Ressurssenteret i Tingvoll<br>Tingvoll vidaregåande skole<br>6630 Tingvoll  | Kontaktperson/prosjektansvarleg:<br>John Bjarne Jordal<br>6610 Øksendal<br>epost: john.bjarne.jordal@c2i.net | ISBN-nummer:<br>82-92007-03-2 |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| Oppdragsgjevar:<br>Sandøy kommune v/Per Sturla Sandøy<br>6487 Harøya, tlf. 71 27 65 00  |  | År:<br>2005                   |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| <b>Referanse:</b><br>Jordal, J. B., 2005: Kartlegging av naturtypar i Sandøy kommune. Ressurssenteret i Tingvoll, rapport nr. 1-2005. 73 s.   |  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| <b>Referat:</b><br>Det er utført kartlegging av prioriterte naturtypar, raudlisteartar og vilt i Sandøy kommune etter ein fastsett, nasjonal metodikk. Det er avgrensa og skildra 34 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog og berg/rasmark. Det er gjort 29 funn av 17 raudlisteartar av planter og sopp. I tillegg er finst det 7 hekkefuglar og 2 pattedyr som står på raudlista. Det er skildra ein del viltlokalitetar og laga ei oversikt over viltobservasjonar (m.a. hekkelokalitetar for meir uvanlege/interessante artar) i kommunen. Materialet er presentert dels i rapportform, dels i database. Sårbare viltopplysningar er uteleitt i rapporten. Sandøy sitt sær preg er særleg innanfor naturtypen havstrand/kyst med større, dels beita strandengområde, sandstrender, tarevollar og nokre sanddyneområde. Vidare har kommunen verdifulle kulturlandskapsområde med kystlynghei og naturbeitemark som dels vert tekne vare på med utegangarsau. Harøya har og større intakte myrer. Kommunen har svært viktige viltområde tilknytt havstrand/kyst, m.a. overvintringsområde for vesentlege deler av dei nordeuropeiske bestandane av sjeldne artar som gulnebbblom, islom og gråstrupedykkar. Kommunen har 6 verneområde på Harøya og Finnøya som er oppretta for å ta vare på fuglelivet og dels plantelivet. Desse områda har til saman status som Ramsarområde (internasjonalt viktige våtmarksområde). |  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| <b>Emneord:</b><br><table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 33%;">Biologisk mangfold</td> <td style="width: 33%;">Prioriterte naturtypar</td> </tr> <tr> <td>Planter</td> <td>Havstrand</td> </tr> <tr> <td>Sopp</td> <td>Kulturlandskap</td> </tr> <tr> <td>Pattedyr</td> <td>Myr</td> </tr> <tr> <td>Fugl</td> <td>Skog</td> </tr> </table>   |  |                               | Biologisk mangfold | Prioriterte naturtypar | Planter | Havstrand | Sopp | Kulturlandskap | Pattedyr | Myr | Fugl | Skog |
| Biologisk mangfold  | Prioriterte naturtypar   |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| Planter   | Havstrand  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| Sopp  | Kulturlandskap   |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| Pattedyr  | Myr  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| Fugl  | Skog   |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |
| <b>Framsidebilete:</b><br><p>Øvst t.v.: I framgrunnen gammal kulturmark på Heia, Husøya, med Ona i bakgrunnen. Her beiter ingen dyr lenger. Samanlikna med botaniske undersøkingar i 1894 og 1918 er desse grasmarkene no meir artsfattige på grunn av attgroing.</p> <p>Øvst t.h.: Sandøy kommune har fleire fine sandstrender med sanddyner. Storsanden på Sandøya har den nordlegaste intakte førekosten i landet av sanddyneplanten strandkveke.</p> <p>Midten t.v.: På nordsida av Orta ligg eit område med beita strandenger og strandsumpar. Slike beita strandenger har eit noko anna mangfold enn ubeita og tek til å bli sjeldne i fylket.</p> <p>Midten t.h.: Hyrvedalen på Harøya har ein natur ein kanskje ikkje er førebudd på her på ytterkysten, med bergvegger, rasmarker, hasselkratt og ein rik flora av varmekjære planter.</p> <p>Nedst t.v.: Utegangarsauen gjev håp om ei framtid for det opne kystkulturlandskapet. T. d. er kystlyngheiane på veg ut dei fleste stadene i Vest-Europa. Her vert det ført tilsyn med sauene på Sandholmane ved Orta.</p> <p>Nedst t.h.: Myrene var tidlegare viktige som energiressurs på kysten. Biletet viser tradisjonell tørking av torv langs vegen på austsida av Harøya. Dei største nokonlunde intakte myrareala er på Harøya.</p> <p>Alle foto: John Bjarne Jordal.</p>  |  |                               |                    |                        |         |           |      |                |          |     |      |      |

# FØREORD

Forvaltning av natur har tidlegare i særleg grad vore eit statleg ansvar, men kommunane vil no gradvis få ein større del av dette ansvaret. Etter at Noreg slutta seg til Konvensjonen om biologisk mangfald i 1993 har Stortinget bestemt at alle norske kommunar skal gjennomføra ei kartlegging av viktige naturtypar for å styrka vedtaksgrunnlaget i det lokale planarbeidet, jf. St. meld. nr. 58 (1996-97) og St. meld. nr. 42 (2000-2001). Dette arbeidet går no mot slutten både i Møre og Romsdal og resten av landet. Sandøy kommune har motteke statleg tilskot til dette arbeidet og også løyvd eigne midlar.

Denne rapporten er laga på oppdrag av Sandøy kommune av Ressurssenteret i Tingvoll v/John Bjarne Jordal. Rapporten er basert dels på samanstilling av kjent kunnskap og dels på innsamling av ny kunnskap gjennom feltarbeid og kontakt med folk. Materialet er systematisert etter ein fast metodikk som gjeld for heile landet. Det er meininga at rapporten skal kunne brukast som eit kunnskapsgrunnlag i både offentleg og privat planlegging.

Forfattaren ønskjer å takka alle som har bidratt med opplysningar, både lokalt og elles.

Jordalsgrenda 26.11.2004

John Bjarne Jordal

# INNHOLD

|  |           |
|--|-----------|
| SAMANDRAG .....  | 7         |
| <b>INNLEIING.....</b>  | <b>10</b> |
| BAKGRUNN .....   | 10        |
| KVA ER BIOLOGISK MANGFALD? .....                             | 10        |
| VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD .....                          | 10        |
| TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET .....                 | 11        |
| FORVALTNING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE .....          | 12        |
| FORMÅLET MED RAPPORTEN.....                                  | 12        |
| NOKRE BEGREP .....   | 12        |
| <b>METODAR OG MATERIALE.....</b>                             | <b>14</b> |
| INNSAMLING AV INFORMASJON .....                              | 14        |
| VERDSETTING OG PRIORITERING .....                            | 16        |
| PRESENTASJON .....   | 17        |
| <b>NATURGRUNNLAG.....</b>                                    | <b>19</b> |
| HISTORIKK OMKRING UTFORSKINGA AV SANDØY-NATUREN.....         | 19        |
| LANDSKAP M.M. ....   | 20        |
| KLIMA.....   | 20        |
| GEOLOGI .....  | 21        |
| LAUSMASSAR .....   | 21        |
| NATUR- OG BIOGEOGRAFISK PLASSERING .....                     | 21        |
| <b>NATURYPAR .....</b>                                       | <b>23</b> |
| HAVSTRAND/KYST.....  | 23        |
| KULTURLANDSKAP.....  | 23        |
| FERSKVATN .....  | 23        |
| MYR .....  | 24        |
| RASMARK, BERG OG KANTKRATT .....                             | 24        |
| SKOG OG FJELL.....   | 24        |
| <b>NATURYPELOKALITETAR.....</b>                              | <b>25</b> |
| GENERELT.....  | 25        |
| 1 ONA: HUSØYA (KYSTLYNGHEI, NATURBEITEMARK) .....            | 25        |
| 2 ONA: HUSØYA: STORSANDEN (SANDSTRAND).....                  | 26        |
| 3 RØSSHOLMEN (NATURBEITEMARK, VILTOMRÅDE) .....              | 26        |
| 4 OTERHOLMEN (NATURBEITEMARK, VILTOMRÅDE) .....              | 27        |
| 5 ONA: HUSØYHOLMANE (NATURBEITEMARK, VILTOMRÅDE).....        | 27        |
| 6 HÅVÆRET (KYSTLYNGHEI) .....                                | 28        |
| 7 SANDØYA: SØLVVIKA-NESFJØRA (STRANDENG) .....               | 29        |
| 8 SANDØYA: SJÅBERGET-KLAUA (SANDSTRAND) .....                | 29        |
| 9 SANDØYA: EASTEINEN (KYSTLYNGHEI, NATURBEITEMARK) .....     | 30        |
| 10 SANDØYA: STORSANDEN (KALKRIK ENG) .....                   | 30        |
| 11 SANDØYA: STORSANDEN (SANDDYNER).....                      | 31        |
| 12 SANDØYA: VED SANDØY KYRKJE (SLÅTTEENG) .....              | 31        |
| 13 SETERØYA (KYSTLYNGHEI, NATURBEITEMARK) .....              | 32        |
| 14 KVALØYA (KYSTLYNGHEI, NATURBEITEMARK) .....               | 32        |
| 15 ORTA: GARDSVIKA-KNAPPEN (STRANDENG, NATURBEITEMARK) ..... | 33        |
| 16 ORTA: VALEN (STRANDENG) .....                             | 33        |
| 17 ORTA: STOR-SANDHOLMEN (NATURBEITEMARK) .....              | 34        |
| 18 FINNØY: LANDHOLMAN (NATURBEITEMARK, KYSTLYNGHEI) .....    | 34        |
| 19 FINNØYA: LYNGHOLMAN (STRANDENG, BEITEMARK) .....          | 35        |
| 20 GÅSØYA (KYSTLYNGHEI).....                                 | 36        |
| 21 HARØYA: SELVIKVÅGEN (STRANDENG).....                      | 36        |
| 22 HARØYA: DJUPMYRENE (INTAKT LÅGLANDSMYR) .....             | 37        |
| 23 HARØYA: HARNES (STRANDENG).....                           | 37        |

|  |           |
|--|-----------|
| 24 HARØYA: STYKKJET-STØLEN (SANDSTRAND) .....                      | 38        |
| 25 HARØYA: LYNGNESET – SPONVIKA (STRANDENGER M.M.).....            | 38        |
| 26 HARØYA: NORDHEIM: SMÅMALEN (SANDSTRAND) .....                   | 39        |
| 27 HARØYA: LOMSTJØNNA (INTAKT LÅGLANDSMYR, DAMMAR) .....           | 39        |
| 28 HARØYA: MYKLEBUSTMYRENE, RØSOKMYRENE (INTAKT LÅGLANDSMYR) ..... | 40        |
| 29 HARØYA: MALESANDEN (SANDSTRAND, SANDDYNER).....                 | 40        |
| 30 HARØYA: REMMEVIKA (SANDSTRAND, SANDDYNER) .....                 | 41        |
| 31 HARØYA: HARØYBURET (TERRENGDEKKJANDE MYR) .....                 | 41        |
| 32 HARØYA: MYKLEBUST (BERG/RASMARK/HASSELKRATT).....               | 42        |
| 33 HARØYA: HYRVEDALEN (BERG/RASMARK/HASSELKRATT) .....             | 43        |
| 34 UKSNØYA (KYSTLYNGHEI, NATURBEITEMARK) .....                     | 43        |
| OMRÅDE MED DÅRLEGE DATA ELLER USIKKER STATUS .....                 | 45        |
| <b>VILTLOKALITETAR .....</b>                                       | <b>46</b> |
| GENERELT.....  | 46        |
| ONA: ONA FYR.....  | 46        |
| ONA: HAMNA OG FYRET .....  | 46        |
| ONA/HUSØYA: RØSHOLMEN/SKJELA/OTERH. ....                           | 46        |
| ONA/HUSØYA: TUSSANE .....  | 47        |
| ONA/HUSØYA: KVILSKJERET.....                                       | 47        |
| ONA/HUSØYA: SKÅRA .....  | 47        |
| ONA/HUSØYA: ODDANE .....   | 47        |
| HUSØYHOLMANE .....   | 47        |
| SVELTINGEN .....   | 47        |
| SANDØYA .....  | 47        |
| SANDØYA: ÆRHOLMAN .....  | 48        |
| SANDØYA: GRØNVÆRET .....   | 48        |
| FLATFLESA, RUNDFLESA .....   | 48        |
| ORTA: ORTEHOLMANE AUST.....  | 48        |
| ORTA: ORTEHOLMANE NORD .....                                       | 48        |
| ORTA: MYRPARTI .....   | 48        |
| ORTA: ORTEHELLA .....  | 48        |
| FINNØYA: SJØOMRÅDE I NORDAUST .....                                | 48        |
| FINNØYA: TOLLINGSHOLMEN .....                                      | 48        |
| FINNØYA: KVERN HOLMEN .....  | 48        |
| HARØYA: SEVIKA: LEISKJERET .....                                   | 49        |
| HARØYA: SEVIKA: LITTLE KVENNAHOLMEN .....                          | 49        |
| HARØYA: STEINSHAMN: KRÅVIKA (STRANDSUMP) .....                     | 49        |
| HARØYA: SINHOLMAN .....  | 49        |
| HARØYA: UKSNØYOMRÅDET .....  | 49        |
| HARØYA: MALESANDEN OG HUSE .....                                   | 49        |
| HARØY/FINNØY: VESTLEGE SJØOMRÅDE I SANDØY .....                    | 49        |
| <b>RAUDLISTEARTAR .....</b>  | <b>50</b> |
| GENEREKT.....  | 50        |
| PLANTER .....  | 53        |
| SOPP .....   | 53        |
| FUGL OG PATTEDYR .....   | 53        |
| <b>KUNNSKAPSSTATUS .....</b>                                       | <b>54</b> |
| OPPSUMMERING AV DATAGRUNNLAG ETTER DETTE PROSJEKTET .....          | 54        |
| BEHOVET FOR VIDARE UNDERSØKINGAR .....                             | 54        |
| <b>KJELDER.....</b>  | <b>55</b> |
| GENERELL LITTERATUR .....  | 55        |
| LITTERATUR SOM BERØRER SANDØY .....                                | 56        |
| ANDRE SKRIFTLEGE KJELDER .....                                     | 64        |
| MUNNLEGE KJELDER .....   | 64        |
| <b>VEDLEGG .....</b>   | <b>65</b> |
| PLANTELISTE FOR SANDØY .....                                       | 65        |

|                                    |    |
|------------------------------------|----|
| PLANTELISTER FOR LOKALITETAR ..... | 66 |
| SOPPLISTE FOR SANDØY .....         | 69 |
| SOPPLISTER FOR LOKALITETAR .....   | 70 |

# SAMANDRAG

## Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## Historisk utforsking av Sandøy-naturen

Rapporten har ein gjennomgang av litteratur om naturen i Sandøy frå 1700-talet og fram til i dag. Mesteparten av kjeldene stammar frå etter 1970.

## Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort skildra med omtale av landskap, geologi og lausmassar, klima og naturgeografiske tilhøve.

## Naturtypar i Sandøy

Dei ulike naturtypane i Sandøy er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Sandøy er havstrand, kulturlandskap (særleg kystlynghei og naturbeitemarker) og myr.

*Tabell 1. Registrerte lokalitetar i Sandøy fordelt på naturtypar og verdi. Mange lokalitetar har ein mosaikk av fleire naturtypar, summering gjev derfor for høge sumtal. Verdsetting kan og skuldast ein annan naturtype. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig*

| Kode     | Naturtype                                  | A | B | C | SUM       |
|----------|--|---|---|---|-----------|
| <b>A</b> | <b>Myr (4 lok.)</b>                        |   |   |   |           |
| A01      | Intakt låglandsmyr                         |   |   | 3 | <b>3</b>  |
| A03      | Terregndekkjande myr                       |   | 1 |   | <b>1</b>  |
| <b>B</b> | <b>Rasmark, berg og kantkratt (2 lok.)</b> |   |   |   |           |
| B01      | Sørvende berg og rasmarker                 |   | 2 |   | <b>2</b>  |
| B02      | Kantkratt                                  |   | 1 |   | <b>1</b>  |
| <b>D</b> | <b>Kulturlandskap (18 lok.)</b>            |   |   |   |           |
| D01      | Slåtteenger                                |   | 1 |   | <b>1</b>  |
| D04      | Naturbeitemark                             | 6 | 8 |   | <b>14</b> |
| D07      | Kystlynghei                                | 4 | 7 |   | <b>11</b> |
| D08      | Kalkrike enger                             |   | 1 |   | <b>1</b>  |
| D09      | Fuktenger                                  | 4 | 1 |   | <b>5</b>  |
| <b>E</b> | <b>Ferskvatn/ våtmark (1 lok.)</b>         |   |   |   |           |

| Kode  | Naturtype                        | A         | B         | C        | SUM       |
|---|----------------------------------|-----------|-----------|----------|-----------|
| E09   | Dammar                           |           |           | 1        | 1         |
| F   | <b>Skog (2 lok.)</b>             |           |           |          |           |
| F01   | Rik edellauvskog                 |           | 2         |          | 2         |
| G   | <b>Havstrand/ kyst (15 lok.)</b> |           |           |          |           |
| G02   | Undervassenger (ikkje avgrensa)  |           |           |          |           |
| G03   | Sanddyner                        | 2         | 2         |          | 4         |
| G04   | Sandstrender                     | 4         | 6         |          | 10        |
| G05   | Strandeng og strandsump          | 7         | 1         |          | 8         |
| G06   | Tangvollar                       | 2         | 6         |          | 8         |
| <b>Reelt tal lokalitetar i kvar verdikategori</b> |                                  | <b>11</b> | <b>20</b> | <b>3</b> | <b>34</b> |

I tabell 1 går det fram at det i Sandøy er kjent 16 av dei 56 prioriterte naturtypene i DN-handboka. Dette er som forventa ut frå at Sandøy er ein liten øykommune ute i havgapet.

### Viktige lokalitetar i Sandøy

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 1 til 34. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 2000) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes under i områdeskildringane.

*Tabell 2. Viktige lokalitetar i Sandøy. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar sorterte etter nummer. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Ein har her ikkje inkludert reine viltområde (t. d. hekkeområde for sjøfugl), som ikkje inngår i metoden med naturypekartlegging (DN 1999a).*

| Nr. | Lokalitet                            | Naturtype  | Verdi |
|-----|--------------------------------------|--|-------|
| 1   | Ona: Husøya                          | Naturbeitemark, kystlynghei                                | B     |
| 2   | Ona: Husøya: Storsanden              | Sandstrender, tangvollar                                   | B     |
| 3   | Røssholmen                           | Naturbeitemark   | B     |
| 4   | Oterholmen                           | Naturbeitemark, kystlynghei                                | B     |
| 5   | Ona: Husøyholmane                    | Naturbeitemark, kystlynghei                                | B     |
| 6   | Håværet                              | Kystlynghei, naturbeitemark                                | B     |
| 7   | Sandøya: Sølvika-Nesfjøra            | Strandeng og strandsump                                    | A     |
| 8   | Sandøya: Sjåberget-Klaua             | Sandstrand, sanddyner, tangvollar                          | B     |
| 9   | Sandøya: Easteinen                   | Naturbeitemark, kystlynghei, fukteng                       | B     |
| 10  | Sandøya: Storsanden                  | Kalkrike enger   | B     |
| 11  | Sandøya: Storsanden                  | Sanddyner, sandstrand                                      | A     |
| 12  | Sandøya: ved Sandøy kyrkje           | Slåtteeng  | B     |
| 13  | Seterøya                             | Kystlynghei, naturbeitemark, fukteng                       | A     |
| 14  | Kvaløya                              | Kystlynghei, naturbeitemark                                | B     |
| 15  | Orta: Gardsvika-Knappen              | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, fukteng           | A     |
| 16  | Orta: Valen                          | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, fukteng           | A     |
| 17  | Orta: Stor-Sandholmen                | Naturbeitemark   | B     |
| 18  | Finnøy: Landholman                   | Naturbeitemark, kystlynghei, sandstrand                    | A     |
| 19  | Finnøya: Lyngholman                  | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, kystlynghei       | A     |
| 20  | Gåsøya                               | Kystlynghei  | B     |
| 21  | Harøya: Selvikvågen                  | Strandeng/strandsump                                       | A     |
| 22  | Harøya: Djupmyrene                   | Intakt låglandsmyr   | C     |
| 23  | Harøya: Harnes                       | Strandeng og strandsump, sandstrand, tangvoller, fuktenger | A     |
| 24  | Harøya: Stykkjet-Stølen              | Sandstrand, tangvollar                                     | B     |
| 25  | Harøya: Lyngneset – Sponvika         | Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump            | B     |
| 26  | Harøya: Nordheim: Småmalen           | Sandstrand, tangvollar                                     | B     |
| 27  | Harøya: Lomstjønna                   | Intakt låglandsmyr, dammar                                 | C     |
| 28  | Harøya: Myklebustmyrene, Røsokmyrene | Intakt låglandsmyr   | C     |
| 29  | Harøya: Malesanden                   | Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump, sanddyner | A     |
| 30  | Harøya: Remmevika                    | Sandstrand, tangvollar, sanddyner                          | B     |

| Nr. | Lokalitet          | Naturtype   | Verdi |
|-----|--------------------|---|-------|
| 31  | Harøya: Harøyburet | Terregngdekkjande myr                                 | B     |
| 32  | Harøya: Myklebust  | Sørvendt berg og rasmark, rik edellauvskog            | B     |
| 33  | Harøya: Hyrvedalen | Sørvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog | B     |
| 34  | Uksnøya            | Kystlynghei, naturbeitemark                           | A     |

## Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksem. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Det er registrert 29 funn av raudlisteartar av planter og sopp i Sandøy, og dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel. Raudlisteartar av virveldyr er også kort presenterte.

## Kunnskapsstatus

Eit eige kapittel inneholder ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Når det gjeld naturtypar, står att å undersøkja litt lynghei og myr, havstrand og naturbeitemark, og litt i ferskvatn (stille og rennande). Kunnskapen om mange organismegrupper i Sandøy er også jamt over dårleg. Tema prioriterte naturtypar må også supplerast med undersøkingar etter DN-handbok om marin kartlegging.

## Litteratur

Ein eigen litteraturdatabase er under utarbeidning over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Sandøy i denne basen ga 324 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

## Vedlegg

I vedlegga er det presentert artslistar for planter og sopp, dels for heile kommunen, dels for einskildlokalitetar.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskott, kombinert med bidrag frå kommunen.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), "Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonens rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Direktoratet for Naturforvalting (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

Sidan har vi og fått St.meld. nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfald, sektoransvar og samordning. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre. Denne runden av kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig i løpet av 2005.

## Kva er biologisk mangfald?

Populært sagt er biologisk mangfold jorda sin variasjon av livsformer (planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoffet deira og det kompliserte samspelet mellom dei. Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: gen-, arts- og økosystemnivå.

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i Rio-konvensjonen om biologisk mangfald: "*Biologisk mangfald er variabiliteten hos levande organismar av alt opphav, herunder m.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystem og dei økologiske kompleksa som dei er ein del av; dette omfatter mangfald innanfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.*" (MD 1992).

## Verdien av biologisk mangfald

Miljøverndepartementet (2001b) knyter desse verdiane til biologisk mangfald:

- **Direkte bruksverdi:** Verdi som vert realisert gjennom bruk av biologiske ressursar til t.d. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forsking.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sitt kretsløp, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flom og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for menneskeleg eksistens og økonomisk aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdiar som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdiar omfattar både direkte og indirekte verdiar nemnt ovanfor og er blant anna knytt til bruk av utnytta genetiske ressursar både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for framstilling av nye produkt med direkte bruksverdi.
- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, t. d. knytt til ønsket om å vita at ein art eksisterer, til kommande generasjonar sine mulegheiter og livskvalitet, og til ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer også naturen sin eigenverdi (DN 1999a). At naturen har eigenverdi bygger på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og difor ikkje treng sjåast på som eit middel, men som eit mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal overta kloten med like stor moglegheit for ressursutnytting og naturoppleveling som vi har, er identisk med ei bærekraftig utvikling slik Brundtland-kommisjonen definerte det.

# Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

## Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er det største trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsformål. Store utbyggingar har ofte store konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjera om vi klarer å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort, er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagt i beslutningsprosessane.

## Endra driftsformer i jordbruket

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men også fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra og mange kulturskapte naturtyper, m.a. slåtteenger og naturbeitemarker er i ferd med å forsvinna (Jordal 1997, Fremstad og Moen 2001). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og vert til buskmark eller skog. Dette medfører m. a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går attende. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt attende eller forsvinn heilt (Jordal 1997, Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til 2. verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 80-tallet. På grunn av desse endringane vil truleg ei lang rekke plante-, sopp- og insektsartar forsvinna eller bli svært sjeldne, for over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytt til kulturlandskapet (DN 1999b). Område med biologisk verdifull myr har i noko grad vorte drenert og dyrka i løpet av 1900-talet. I dag er det stort sett stillstand i dyrkinga.

## Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiing av organismer som ikkje høyrer naturleg heime i økosistema, er eit aukande problem - både for vern av biologisk mangfald og med omsyn til verdiskaping. Innførte artar er ikkje tilpassa dei naturlege økosistema, og mange vil døy ut etter kort tid. Men dei som greier å etablera seg, har ofte ikkje naturlege fiendar som regulerer populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001a). Dette kan føra til at dei utkonkurrerer andre artar, og at heile økosystem vert endra. Gjennom signering og ratifisering av Riokonvensjonen, har Noreg forplikta seg til m. a. å hindra innføring av, kontrollera eller utrydda fremande artar som trugar økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h).

**Mink** er døme på ein art som er komen til og har spreid seg i kommunen sin fauna dei siste 30-50 åra.

**Sitkagrana** er planta i same tidsrommet, og tek no til å spreia seg i heiane på eiga hand.

## Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det foregår innanfor økologisk forsvarlege rammer. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Dersom aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar, kan ringverknadene verta store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vera eit trugsmål mot arten sin vidare eksistens. I Noreg er eksempla på overhausting i nyare tid særleg å finna i havet.

## Forureining

Dette kan opptre både i form av lokale utslepp, i form av langtransportert forureining som sur nedbør og radioaktivitet, og i form av utslepp som kan påverka heile kloden, som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk.

Langtransportert forureining har ikkje gjort merkbar skade på naturen i Møre og Romsdal. Det vert likevel reist spørsmål om nitrogennedfall kan ha ein effekt i svært næringsfattige økosystem som kystlynghei.

Eventuelle klimaendringar vil også kunne påverka naturen vår. I Noreg viser prognosar at det kan bli meir nedbør i vårt fylke. Temperaturen kan truleg stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg i vår landsdel. Verknadene vil vera størst for fjellartar, og for varmekjære artar som har nordgrense for utbreiinga si i Noreg. Artar som har nordgrensa si i Noreg, t. d. mange varmekjære planter, sopper og insekt, vil kunne få ei større utbreiing.

# Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

## **Verneområde**

Sandøy kommune har fleire verneområde i grunne havområde, havstrand og myr. Tidlegare har Staten hatt ein vesentleg del av forvaltningsansvaret for verneområda, men meir av dette ansvaret vert no gradvis overført til kommunane.

## **Resterande areal**

På dei resterande delene av arealet i Sandøy kommune er landbruket, kommunen, det øvrige næringslivet og grunneigarane dei viktigaste aktørane. Kommunen har ei sentral overordna rolle fordi han er ansvarleg for ei samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan han ekspropriera, og er lokal skog- og landbruksmyndighet med ansvar for planlegging, vegleiing og informasjon.

Dei resterande areala må i første rekke forvaltast av kommunen gjennom bruk av Plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversikt over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. Meir kunnskap gjev eit bedre vedtaksgrunnlag når avgjerdssler om utnytting av naturområde skal takast. Ifølgje St. meld. nr. 42 skal kommunane heretter utøva ei kunnskapsbasert naturforvaltning.

## **Aktiv sikring**

Kommunane har dei juridiske virkemidla som trengst for å verna område (PBL §25-6 for regulering til spesialområde naturvern), men desse er lite brukt. Årsaka er ei frykt for å påføra kommunen eit erstatningsansvar overfor grunneigarar og andre som har rettar i områda.

## **Passiv sikring**

Kommunen kan styra unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når ein skal byggja ut eller foreta naturinngrep. Ofte har ein alternative plasseringar for tiltak, og ein bør da velgja det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal vektleggast i planlegginga i kommunane (MD 2001b).

## **Grunneigaravtalar**

Frivillige avtalar har den fordelen at konfliktgraden ofte er låg og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtalar ofte noko usikre, mellom anna i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår.

## **Virkemiddel i landbruket**

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå tilskot er det ikkje høve til å gjera større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. I tillegg vert det gjeve økonomisk støtte til tiltak som går ut over det ein reknar som vanleg landbruksdrift, t. d. skøtsel av kystlynghei, naturbeitemarker m.m. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane. Det er svært viktig at kommunane brukar dette høvet aktivt til å ta vare på biologiske verdiar i kulturlandskapet, og ikkje berre hus og kulturminne.

## **Formålet med rapporten**

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## **Nokre begrep**

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytta soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordanbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtresлага (alm, bøk, ask, spisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Sandøy er det hassel som er aktuell. Hassel krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-12 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Jordvassmyr:** Myrtype der plantene får næring frå vavn som har vore i kontakt med mineraljord, til forskjell frå nedbørsmyr.

**Kontinuitet:** i økologien brukar om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarker med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet brukar i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarker og naturbeitemarker.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeidning og attgroing. Dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallel til beitemarkssoppiane.

**Nedbørsmyr:** Myrtype der plantene får næring berre frå regnvatnet, sjå og høgmyr.

**Oseanisk:** Som har å gjera med kysten og havet. Vert brukar om eit klima med mild vinter og kjøleg sommar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** blir i denne rapporten brukar omrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, kratttrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeidning, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

**Undervasseng:** Vegetasjon av planter som er neddykka i saltvatn eller brakkvatn, helst på stader med roleg vatn som i grunne vågar og avsnørte brakkvasspollar. I Sandøy finst m.a. ålegrasenger.

# METODAR OG MATERIALE

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels fra innsamling av eksisterande kunnskap, dels fra feltarbeid i samband med dette prosjektet, i første rekke utført av forfattaren. I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfold (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm eller hassel og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t. d. artsrike nordvende berg med sjeldan og kystbunden lavflora

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## Litteratur

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Sandøy. Dette har vorte lettare å få oversikt over frå år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturdatabase over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og ligg også på Fylket sine heimesider på Internett. Eit søk på Sandøy i databasen er presentert i litteratuoversikta attast i rapporten.

## **Oversikt over viktige litteraturkjelder med kommentarar**

*Tabell 3. Dei viktigaste skriftlege kjeldene som er bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Sandøy, med kort skildring av innhaldet. Sjå litteraturlista for fleire kjelder.*

| Kjelde  | Kommentar  |
|---|--|
| Dahl (1895, 1897)                                     | Botanisk skildring av fleire lokalitetar frå besøk på Harøya i 1894 og Ona og Husøya i 1895, den første botaniske utforskinga av kommunen  |
| Finnøy (1953, 1983a-e)                                | Lokalhistoriske skildringar som belyser bruken av innmark og utmark  |
| Folkestad (1972b)                                     | Sjøfuglteljingar m.a. med data frå Sandøy  |
| Folkestad (1976c)                                     | Skildrar naturkvalitetar i Sandøy kommune  |
| Folkestad (1977)                                      | Gjennomgang av viktige våtmarkslokalitetar   |
| Folkestad & Loen (1998)                               | Skildrar fleire sjøfuglområde i kommunen   |
| Fylkesmannen (1982)                                   | Verneplan for våtmarker, grunnlag for fleire verneområde i kommunen  |
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernnavd. (2000) | Naturbasen, utskrift for Sandøy m. kart  |
| Fægri (1960)  | Utbreiingskart for kystplanter, nokre artar er også kjent frå Sandøy   |
| Gjershaug m. fl. (1994)                               | Viser detaljerte kart over alle norske hekkefuglar   |
| Gaarder & Jordal (2001)                               | Gjennomgang av funn av raudlisteartar i fylket av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommafugl, nokre også frå Sandøy  |
| Gaarder m. fl. (2001)                                 | Omtalar ei rekke viktige naturtypar i Møre og Romsdal, som eit supplement til DN (1999a), mellom desse fleire viktige typar i Sandøy   |
| Holten m. fl. (1986b)                                 | Fagrappart havstrand, omtalar fleire strandområde  |
| Huse (1996)   | Lokalhistoriske skildringar som belyser naturbruken på nokre fråflytta øyar  |
| Jordal & Gaarder (1997, 1998a, 1998c)                 | Nemner område og funn inkl. raudlisteartar frå kulturlandskapsområde   |
| Jordal & Gaarder (1999)                               | Oppsummering av undersøkte kulturlandskap  |
| Lid (1937)  | Beskreiv ei ny bregne oppkalla etter N. Wille (bruntelg, <i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i> ) m.a. på grunnlag av hans funn i Sandøy. Denne er sjeldan og står på raudlista sjølv om ho berre har status som varietet. |
| Løvenskiold (1947)                                    | Nemner fugleobservasjonar frå Sandøy   |
| Myrberget (1962)                                      | Nemner fugleobservasjonar frå Sandøy   |
| Wille (1924)  | Grundig botanisk utforsking av Ona og Husøya i 1918, viktig avhandling   |
| Willgoths (1955)                                      | Nemner fugleobservasjonar frå Sandøy   |

## **Museumssamlingar, databasar, Internett**

Lav- og soppdatabasane ved Universitetet i Oslo er sjekka på Internett. Underteikna har vidare motteke utskrift frå herbariedatabasane når det gjeld regionalt sjeldne planter. Likeeins er det brukt eigne databasar om litteratur, raudlisteartar, vassplanter, kransalgar, regionalt sjeldne planter m.m.

## **Innsamling frå personar**

Ei rekke einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Sandøy. Noko er innsamla. Det er eit stort arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette.

## **Eigne registreringar av biologisk mangfold i kommunen**

I 1996-1998 har forfattaren saman med Geir Gaarder undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1997, 1998a). I tillegg har Gaarder & Jordal (2001) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommafuglar frå alle kommunar i fylket inklusive Sandøy.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Det er laga lister for dei kartlagte lokalitetane for alt som er bestemt (planter, sopp, mosar).

Interessante observasjonar av virveldyr (pattedyr, fugl, amfibiar) er notert i samband med alt feltarbeidet.

## **Artsbestemming og dokumentasjon**

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For andre artar har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997, 2000) og Ryman & Holmåsen (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følgjer Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg. Særleg interessante funn (planter, sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vitskaplege navn følgjer dei publikasjonane vi har brukta i arbeidet. Namnsetting av fugl følgjer Gjershaug m. fl. (1994).

## **Vegetasjonstypar**

Inndeling av vegetasjonstypar følgjer Fremstad (1997) i grove trekk. Eit unntak er inndelinga av vegetasjon på havstrand. Holten m. fl. (1986a) nyttar eit meir detaljert system, og ein har ikkje gjort forsøk på å konvertera desse til Fremstad sine typar, men nyttar dei slik dei er skildra i rapporten.

## **Verdsetting og prioritering**

### **Generelt**

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller arter høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og arter som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og arter som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### **Kriteriar og kategoriar**

Ein viser her berre til verdettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria for naturtypar og raudlisteartar innarbeidde, det gjeld også kriteria frå vilthandboka (DN 1996). Kriteria gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særlig velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### **Avvik frå DN-handboka i denne rapporten**

Rapporten avvik frå DN-handboka (DN 1999a) på eit punkt

- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Dette kriteriet gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

|                   |   |
|-------------------|---|
| A (svært viktig)  | velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga    |
| B (viktig)        | lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande |
| C (lokalt viktig) | lokalitetar som er små eller litt attgrødde eller därleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.                  |

### **Viltlokalitetar**

Dette prosjektet har og omfatta midlar til viltkartlegging, som er nytta til ei oppdatering av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt viltkart. Storvilt er ikkje prioritert i denne omgang, sidan kunnskapen om dette i stor grad sit lokalt. Innsamling av data om hekkeområde for t. d. sjøfugl og rovfugl er prioriterte i prosjektet. Elles er viktige

overvintringsområde for sjøfugl med. Ein viser til handbok i viltkartlegging (DN 1996). Noko nytt viltkart er ikkje eit siktet mål i denne omgang. Ein har derfor ikkje foretatt vektning av viltdata og avgrensing av nye område. Det viktigaste er å ta vare på ny informasjon om vilt ved å oppdatera oversikta over viltobservasjonar (ikkje presentert i rapport) og laga eit skriftleg oversyn over gamle og nye viltområde.

## ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsia mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det oppramsia ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

Havstrand: grusstorr, havstorr, ishavstorr, bogestorr, småhavgras, skruehavgras

Naturbeitemark: ei rekke artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

## ***Bruk av truga vegetasjonstypar***

Ein rapport om vegetasjonstypar som er truga nasjonalt (Fremstad & Moen 2001) er bruka som støtte i verdsettinga.

## ***Område med dårlige data eller usikker status***

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er samla i kapitlet " Område med dårlige data eller usikker status ". Ein kan her berre visa til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte:

- lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller ein har for dårlige data om lokaliteten
- lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til å avgrensa lokaliteten
- DN-handboka om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påvist på vedkomande lokalitet

## **Presentasjon**

### ***Generelt***

Det er laga ein generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar, samt litt historikk omkring utforskinga av Sandøynaturen, er samla i eit kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel. Deretter kjem betraktnigar omkring kvaliteten på datagrunnlaget etter den kunnskapen som no er samla. Sist i rapporten er presentert litteraturliste for Sandøy og ulike artslistar. Dette er både artslistar for heile kommunen for planter og sopp, og i tillegg også plante- og sopplister frå einskildlokalitetar. Sopplister for lokalitetar stammar frå undersøkingar av kulturlandskap, i første rekke naturbeitemark.

### ***Områdeskildringar***

Dei einskilde lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgjt DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 1 og oppover. Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For dei fleste lokalitetar kan fysiske inngrep verta ein trussel før eller seinare.

## **Kartavgrensing**

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på manuskart som er overlevert til kommunen, som så har sørga for å få dei digitalisert. Avgrensingane vert ikkje alltid så nøyaktige som ønskjeleg. Ein må oppfatta avgrensingane som omrentlege og orienterande. I tilfelle planer om nye tiltak eller inngrep bør ein foreta befaring for å få ei meir detaljert avgrensing.

# NATURGRUNNLAG

Da kommunelova kom i 1837 vart Sandøy ein del av Aukra kommune. I 1866 vart Sandøy ein sjølvstendig kommune (Julnes 2001).

## Historikk omkring utforskinga av Sandøy-naturen

Dei truleg første skriftlege skildringane av Sandøy-naturen er frå siste halvdel av 1700-talet. H. P. Schnitler etterlet seg manus i 1768 og 1789 (utgjeve av Romsdal Sogelag 1974) der også Sandøy er nemnt. Blytt (1874) nemner funn av dikesvineblom frå "Sandøy".

### Tidleg botanisk utforskning

Den første verkelege botaniske utforskinga av Sandøy-naturen kan ein vel seja starta med konservator Ove Dahl sitt besøk på Harøya i første del av juli i 1894 og på Ona, Husøya og Sandøya i 1895. Han gjorde da ei rekke viktige plantefunn, m.a. svartknoppurt, dvergsmyle, dikesvineblom og bakkeveronika ved Ona fyr, havbendel, tiggarsoleie og blankburkne på Husøya, havbendel og dvergsmyle på Sandøya, dvergsmyle på Steinshamn, sandstorr og dvergsmyle på Malesanden, og svartknoppurt ved Myklebust (Dahl 1895, 1897, herbariet i Botanisk Museum, Oslo). Sommaren 1918 budde professor N. Wille på Garshaug på Husøya, og samla da ei rekke algar og planter som han har skrive ei avhandling om (Wille 1924). Av plantene kan nemnast m.a. bakkeveronika, dikesvineblom, dvergsmyle, havbendel, kvitkurle, marinøkkel, tiggarsoleie og villapal. Wille har ei planteliste for Ona og Husøya på 186 artar som er interessant å jamføra med dagens artsliste (laga av rapportforfattaren). Ei samanlikning viser klare endringar som kan relaterast til endringar i bruken av landskapet, først og fremst at tidlegare slått og beiting no for det meste har opphørt.

Sommaren 1934 var botanikarane Johannes Lid og Jens Holmboe i Molde-området med botanikkstudentar. 3. juli var dei på båttur i Sandøy kommune. Holmboe var på Sandøya og samla m.a. bakkeveronika, dunhavre, dvergsmyle, kjeldegras, lodnefaks, strandkveke og nordsjøreddik. Lid var på Orta og samla m.a. dvergsmyle og dikesvineblom. Innsamlingane deira er spreidd på ulike museumsherbarium.

Ei merkeleg bregne som N. Wille fann på Husøya i 1919 (muligens feilskrift for 1918), har han ikkje skrive om, sannsynlegvis fordi han ikkje fann ut kva det var. Ho likna på sauetelg, men med svart stilk. I tillegg finst eit pressa eksemplar av Th. Hesselberg frå "Sandøy" den 12.07.1907. På utferda i Romsdal fogderi i 1934 fann Lid og Holmboe meir av denne på Seterøya ved Molde, og i 1935 samla Georg og Karen Hygen same bregnar på Ålvundeid i Sunndal kommune. I 1937 publiserte så Johannes Lid denne bregnana som ny for vitenskapen under det latinske namnet *Dryopteris austriaca* var. *willeana* basert på dei nemnde funna med unntak av Hesselberg sitt (Lid 1937). Dette er ein varietet av sauetelg som har fått det norske namnet bruntelg, og som i dag framleis vert rekna som så sjeldan at han står på den norske raudlista (liste over sjeldne og truga artar). Litt moro da at historia starta på Husøya (eller i det minste i Sandøy kommune 1907), og at bregnana vart oppkalla etter Wille som fann ho her. Bruntelg er truleg ein suboseansk art – ei kystplante.

I tidsrommet 1938-1942 samla Sverre Midtgård planter på Harøya, m.a. bakkeveronika, bergosal, blankburkne, dikesvineblom, dunhavre, gullstjerne, havbendel, kusymre, irsk kystmyrklegg (ifølgje Skogen 1966), marinøkkel, markfrytle, rundbelg, svartknoppurt og vivendel. I tillegg var han på Uksnøya og samla lodnefaks og villapal. 6. juli 1948 var botanikaren Knut Fægri på besøk på Lyngværet, og samla m.a. bakkeveronika, bogestorr, dvergsmyle, heistorr og vivendel.

### Nyare botanisk utforskning

29.-30. juli 1967 var professor Rolf Nordhagen på Harøya saman med kona Monna. Han samla da m. a. dikesvineblom, dvergsmyle, kjeldegras og nordsjøreddik.

I 1969 kom Per Størmer med ei avhandling om mosar med vestleg utbreiing i Noreg, der det også var med funn av tre moseartar frå Sandøy.

Sommaren 1984 utførte Arne A. Frisvoll feltarbeid på havstrender i kommunen, som vart publisert i ein felles havstrandrapport for heile fylket (Holten m.fl. 1986b). Her vert 7 lokalitetar skildra botanisk.

Underteikna har også utført noko undersøking av kulturlandskapet i kommunen før arbeidet med den føreliggjande rapporten, der både planter og beitemarkssopp er registrerte (Jordal & Gaarder 1997, 1998a, 1998c).

### ***Utforsking av vilt (pattedyr, fuglelivet m.m.)***

Dei første skildringane av fuglelivet i kommunen stammar frå Løvenskiold (1947), Willgoths (1955) og Myrberget (1962). Den første meldinga frå lokale ornitologar var Folkestad (1963). Folkestad (1972b) presenterte dei første teljingane av overvintrande vassfugl i kommunen. Johansen (1974) presenterer ei av dei første systematiske teljingane av hekkande måsefugl. I 1976 kom Alv Ottar Folkestad med kommunevise rapportar om område av interesse for friluftsliv og naturvern i fylket, såleis også ein rapport som omhandla Sandøy (Folkestad 1976c). Dette er den første samla framstillinga av verdiful natur i kommunen med vekt på viktige fugleområde. Same år laga same Folkestad også ei skildring av fuglelivet på Uksnøya (Folkestad 1976a). Etter dette har talet på titlar som omhandlar fugl auka sterkt, først i siste del av 1970-talet og seinare har kommunen vore mykje besøkt til alle årstider av fugleinteresserte. Talet på titlar om fugl i kommunen er til saman ca. 160, eit imponerande høgt tal, og det meste er publisert etter 1975. Det er særleg alle dei sjeldne fugleartane som trekkjer forbi Ona om hausten som vekkjer interesse, men også det gode utvalet av dels sjeldne overvintringsgjestar, som finn mat i dei grunne havområda som kommunen har så mykje av.

I 1982 kom verneplan for våtmarker med forslag til vern av fleire strandområde i kommunen. Elles har det i løpet av 80- og 90-talet kome ei rekke publikasjonar om marinbiologi, som dels fell utanfor føremålet med denne rapporten (kartlegging av marint mangfald er planlagt seinare). Her kan m.a. nemnast ei doktoravhandling om steinkobben (Bekkby 2001).

Mykje av historia omkring utforskinga av naturen i Sandøy kan lesast ut av dei litteraturtitlane som er refererte attast i rapporten.

### **Landskap m.m.**

Sandøy er ein av kommunane i Sunnmøre fogderi, som er ein del av Møre og Romsdal fylke. Landarealet er oppgjeve til 260 km<sup>2</sup>, noko som gjer Sandøy til ein av dei mindre kommunane i fylket. Spennvidda i naturtypar er likevel stor, frå grunt hav via holmar, skjer, strandberg, strender, jordbrukslandskap, skog, myr og hei til små rasmarker og eit lite ”fjell”. Etter siste istida vart Sandøy isfri for rundt 13000 år sidan (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.4). Etter den tid har landet heva seg rundt 20-25 meter (Nasjonalatlas for Norge, kartblad 2.3.3).

*Tabell 4. Nokre geografiske data for Sandøy kommune. Kjelde: Statistisk sentralbyrå og Sandøy kommune.*

| Parameter           | Verdi                      |
|---------------------|----------------------------|
| Areal (landareal)   | 20 km <sup>2</sup>         |
| Jordbruksareal      | xx                         |
| Myrareal            | 5 km <sup>2</sup>          |
| Skogareal           | 1 km <sup>2</sup> (planta) |
| Strandline          | 245 km                     |
| Høgaste punkt       | 137 m o. h. (Harøyburet)   |
| Største havdjup     | 222 m (ved Flatflesia)     |
| Talet på øyar       | 871 (20 km <sup>2</sup> )  |
| Talet på ferskvatn  | 31                         |
| Areal 0-60 m o.h.   | 95 %                       |
| Areal 60-160 m o.h. | 5 %                        |

### **Klima**

Klimaet i Sandøy er oseanisk. Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane er høge, i heile Sandøy kommune ligg temperaturen mellom 2 og 3°C som gjennomsnitt for januar. Gjennomsnittstemperatur for juli er i underkant av 13°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør litt under 1200 mm, Holten m. fl. 1986a). Det er også hyppig nedbør, >220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge.

Tabell 5. Temperaturnormalar for Sandøy i perioden 1961 – 1990. Kjelde:  
[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

| Nummer | Stad        | h.o.h. | jan | feb | mar | apr | mai | jun  | jul  | aug  | sep  | okt | nov | des | år  |
|--------|-------------|--------|-----|-----|-----|-----|-----|------|------|------|------|-----|-----|-----|-----|
| 62500  | Ona         | 11     | 2,8 | 2,6 | 3,2 | 4,7 | 8,0 | 10,4 | 12,3 | 13,1 | 11,0 | 8,8 | 5,7 | 3,5 | 7,2 |
| 62470  | Harøy       | 10     | 2,2 | 2,2 | 3,0 | 4,6 | 8,1 | 10,7 | 12,3 | 12,9 | 10,8 | 8,6 | 5,0 | 3,1 | 7,0 |
| 62480  | Ona         | 13     | 2,6 | 2,5 | 3,2 | 4,5 | 7,8 | 10,3 | 12,1 | 12,9 | 10,9 | 8,8 | 5,4 | 3,6 | 7,1 |
| 62490  | Ona - Husøy | 8      | 2,9 | 2,8 | 3,3 | 4,7 | 7,8 | 10,4 | 12,2 | 12,8 | 10,9 | 9,0 | 5,6 | 3,8 | 7,2 |

Tabell 6. Nedbørnormalar for Sandøy i perioden 1961 – 1990. Kjelde:  
[http://met.no/observasjoner/more\\_og\\_romsdal](http://met.no/observasjoner/more_og_romsdal).

| Nummer | Stad        | h.o.h. | jan | feb | mar | apr | mai | jun | jul | aug | sep | okt | nov | des | år   |
|--------|-------------|--------|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|-----|------|
| 62500  | Ona         | 11     | 113 | 94  | 95  | 78  | 60  | 68  | 88  | 108 | 175 | 182 | 162 | 157 | 1380 |
| 62470  | Harøy       | 10     | 118 | 100 | 105 | 80  | 60  | 68  | 85  | 113 | 176 | 180 | 160 | 155 | 1400 |
| 62480  | Ona         | 13     | 118 | 97  | 102 | 78  | 59  | 68  | 84  | 113 | 176 | 180 | 160 | 155 | 1390 |
| 62490  | Ona - Husøy | 8      | 100 | 80  | 83  | 66  | 51  | 61  | 77  | 102 | 158 | 157 | 141 | 134 | 1210 |

## Geologi

Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst tilgjengeleg i farger (Tveten m. fl. 1998). Det finst og mellombelse geologiske kart i målestokk 1:50000 for heile kommunen i svartkvitt (kartblad 1220 III Brattvåg: Norges geologiske undersøkelse 1989a, kartblad 1220 IV Ona: Norges geologiske undersøkelse 1989b). Den sørlege delen av kommunen (sørlege del av Harøya) er prega av relativt sure gneis- og granittbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvirrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. På nordlege del av Harøya og resten av kommunen finst yngre glimmerhaldige bergartar (glimmergneis, glimmerskifer, amfibolitt). Desse bergartane finst og m.a. i Fræna, Eide og Midsund. Denne berggrunnen gjev generelt eit godt jordsmonn med høgre pH, og tilhøve for kalkrevande arter av planter, mosar og sopp. Ofte vil likevel lausmassane som ligg oppå berget kamuflera denne effekten.

## Lausmassar

Viktigaste kjelda om lausmassane i kommunen er kvartærgeologisk kart for Møre og Romsdal i målestokk 1:250 000 (Follestad 1995). Det finst og lausmassekart i målestokk 1:50000 for heile kommunen (kartblad 1220 III Brattvåg: Norges geologiske undersøkelse 1988a, kartblad 1220 IV Ona: Norges geologiske undersøkelse 1988b). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Mykje av holmane har berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad marine strandavsetningar som har kome på land som følgje av landhevinga etter istida. Desse strandavsetningane finst på deler av Husøya, mykje av Sandøya, Orta, Gåsøya, Finnøya og dei lågaste områda på Harøya, og er i stor grad utnytta til jordbruksland. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er eller har vore for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta stredene. I hei- og myrområda har det etter istida danna seg meir eller mindre tjukke lag med torv, som er restar av plantemateriale som ikkje er fullstendig nedbrote. Slike torvlag finst på store deler av Harøya og deler av Orta, innanfor strandavsetningane. På Sandøya og Finnøya er det berre små torvavsetningar. Truleg har det her vore avsetningar som er forsvunne som følgje av behovet for brensel.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Sandøy høyrer her til i overgangen mellom 38 Den vestnorske lyngheiregionen, underregion 38c Nordvestkysten til Ålesund (sørvestre deler), og region 40 Møre og Trøndelags kystregion, underregion 40a Møre og Trøndelags kyst nord til Follafjorden (nordaustre deler).

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998b). Heile Sandøy kommune tilhøyrer i denne samanheng dels region 20 (Vestlandets kystbygder), men grensar til region 25 Trøndelags og Nordmøres kyst-bygder (der m.a. Aukra høyrer til).

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)

**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)

**Nordboreal sone** (fjellskogsone)

**Alpine soner** (Låg-, mellom- og høgalpin sone)

*Vegetasjonen i Sandøy tilhører den sørboreale sonen.* (Moen 1998 s.94).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarende om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørsmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege (termisk oseaniske) artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekke fjellplanter m.m. som krev kvile under stabile vintertilhøve (kontinentale eller austlege artar).

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med relativt høg årsnedbør, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok i fylket vårt.

**O1. Svakt oseanisk sekjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekke svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyre berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nesse og Rauma.

*Vegetasjonen i heile Sandøy kommune tilhører sterkt oseanisk sekjon, humid underseksjon (O3h) (Moen m. fl. 1998, s. 126).*

# NATURYPAR

DN (1999a) opererer med 7 hovudnaturypar: havstrand/kyst, kulturlandskap, myr, ferskvatn/våtmark, skog, rasmork, berg og kantkratt, og fjell. Innanfor desse er det så skildra 56 prioriterte naturypar. Dei typane som er viktigast i Sandøy, vert omtala nedanfor.

## Havstrand/kyst

Sandøy ligg ute i havgapet og er ein av dei mest utprega kystkommunane i fylket. Heile kommunen består av øyar med ei strandline på heile 245 km. Det seier seg sjølv at havstrand da er ein viktig hovudnaturtype. Havområda er stort sett grunne og sandrike, og hellingsvinkelen der hav og land møtest er også ofte låg. På beskytta stader vil ein da få avsett finkorna masse, og det vert danna strandenger og sandstrender. Dei viktigaste naturypane under denne hovudnaturtypen er derfor strandeng og strandsump, og sandstrand. Det finst også små areal med sanddyner på Sandøya og Harøya. Dette er i fylkessamanheng ein type som utgjer små areal og som er sterkt truga. Dyneområda på Harøya er verna. I tillegg finst vesentlege areal med såkalla "undervassenger" med ålegras. Kartlegging av ålegrasenger krev omfattande feltarbeid frå båt og/eller intervju av lokalkjende. Det er i denne samanheng ikkje lagt vekt på å kartleggja denne typen, sidan det er meir naturleg å ta det i samband med kartlegging av marint mangfold. Ein lokalitet som kjem nær brakkvasspoll ligg aust for Store Straumsundhaugen ved hamna på Sandøya. Han er likevel såpass eksponert for havbølgjer og saltvatn at det finst berre tang og pollpryd, og ingen havgras eller andre karplanter. Han er derfor ikkje avgrensa.

## Kulturlandskap

Jordbrukskulturen på kysten vår har ei historie som strekkjer seg meir enn 4000 år attende. Jordbrukskulturen i Sandøy er sikkert også svært gammalt. Om landbruksdrifta i nyare tid, på 1800- og første halvdel av 1900-talet, fortel t.d. Nils K. Finnøy (1983a om beiterett og sinking av egg og dun, 1983b om årsrytma i arbeidet). "Holmane har alltid vore nytta til sauebeite", skriv Finnøy, medan Gåsøya, Finnøya og Seterøya var beite for kyr og hestar. Gåsøya, Finnøya og Seterøya var beiteøyar utan busetnad fram til utskiftinga 1858-1864, men før utskiftinga var det dels sætra her (jf. namnet Sæterøya), ved at kyrne vart mjølka og mjølka teke hand om til smør og ost. Øysetring var tidlegare vanleg langs kysten, og i Sandøy er dette skildra av Huse (1996). Etter kvart fekk alle desse tre øyane busetnad og vart dels oppdyrka. Ein del holmar tilhøyrande Sandøy vart verande sambeite fram til dei vart utskifta først på 1900-talet. Slåtten starta i gamal tid litt ut i juli. Dei fekk mesteparten av høyet frå heimebøen, truleg relativt lite frå utmarka (Nils K. Finnøy 1983c, "Slått og taresanking"). Eg har likevel latt meg fortelje at somme holmar vart slegne, t. d. Easteinen ved Sandøya (kjelde: Ingvar Sandøy) og Oterholmen og Røssholmen ved Husøya (kjelde: Olav Viken).

Lang kontinuitet i slått og beiting gjev tilhøve for mange beiteavhengige artar, særleg av planter og sopp. Desse er likevel svært vare for teknikkar i det moderne jordbrukskulturen, som oppdyrkning, pløying, gjødsling og innsåing av innkjøpt frøvare. Mykje tidlegare udyrka eller overflatedyrka natureng vart fulldyrka etter 1900. Det som i dag er mest artsrikt, er gamle beitemarker som ikkje har vore oppdyrka. Desse finst fleire stader, særleg på dei gamle beiteholmane, m.a. Uksnøya, deler av Seterøya, Easteinen ved Sandøya, dessutan Lyngholmane og Landholmane på Finnøya og Røssholmen, Oterholmen og Husøyholmane ved Husøya. Dessverre går husdyrhaldet attende, og fleire av desse lokalitetane gror no att. Dei mest verdfulle er Seterøya og Landholmane på Finnøya. Elles kan ein liten flekk ved kyrkjegarden på Sandøy reknast som ei gammal slåtteeng, som framleis er artsrik og vert halden i hevd med plenslått. Både berggrunnen og lausmassane er fleire stader kalkhaldige, og gjev derfor veksttilhøve for einskilde kravfulle, kalkkrevande artar. Dette gjeld også ei eng ved Storsanden på Sandøya, som no ikkje vert slått meir.

Kystlyngheiane er ein kulturbetinga naturtype som er knytt til kystane av Vest-Europa opp til Lofoten. I Sandøy finst og ein del lynghei, men mykje er i attgroing. På Uksnøya har ein hatt utegangarsau i mange år alt. På m.a. Seterøya og Gåsøya er beiting med utegangarsau starta opp dei siste åra, og dette gjev eit håp om at ein kan ta vare på noko av det gamle kystkulturlandskapet.

## Ferskvatn

Det er registrert 31 ferskvatn i kommunen (Statistisk sentralbyrå). Dei fleste av desse er små myrtjønner som har relativt lita biologisk interesse. Den mest interessante er Lomtjønna på Harøya, som i det minste har ein viktig viltfunksjon (verna som våtmarksreservat). På Harøya finst også nokre mindre bekker, som er det nærmeste ein kjem vassdrag i kommunen. Desse har ein flora av vass- og myrplanter som har ei viss interesse, og dei har truleg også fauna av virvellause dyr som kan vera interessant. Ein kjenner ikkje til at det er føreteke vesentlege ferskvassbiologiske undersøkingar i kommunen.

## **Myr**

Myrer finst i dag først og fremst på Harøya, men mindre flekker finst og på Finnøya, Orta og Sandøya. Myrene var tidlegare ein viktig ressurs som kjelde til brensel. På dei øyane som har hatt gammal busetnad (Harøya, Sandøya og Husøya/Ona) var det stort behov for brenntorv. Torvonna var mellom våronna og slåtten, for at torva kunne tørke i den årstida som hadde best tørk. Sandøya, Seterøya og Gåsøya vart tidleg tømt for brenntorv. Folk som budde her vart etter kvart avhengige av rett til å spa torv på Finnøya (Nils K. Finnøy 1983e, "Sandøyingane spar torv på Finnøy i gamle dagar"). På Harøya var derimot ressursane store i forhold til behovet. Det lettast tilgjengelege vart teke først, men mange stader på myrene ser ein framleis spor etter torvuttag, dette er og avmerka på økonomisk kart. Somme praktiserer framleis kunnskapen om torvspaing på Harøya, men no for tida meir ut frå ønskjet om å halda kulturen levande.

Dei store flate myrene på Harøya som framleis ikkje er dyrka eller grøfta, kan avgrensast under typen "intakt låglandsmyr" (DN 1999a), sjølv om dei alltid har merke eter torvuttag. Desse er ofte fattige på artar, men utgjer likevel ein verdifull naturtype med einskilde interessante artar av fugl og insekt. Ved Harøyburet finst eit større område med terregndekkjande myr, som dekkjer landskapet som eit teppe (også kalla teppemyr). Terregndekkjande myr er eit kystfenomen, og oppstår under tilhøve med nokså mykje nedbør og mildt klima. Større terregndekkjande myrer som denne er det lite av i fylket (m.a. Nordøyane i Haram), og Noreg har eit internasjonalt ansvar for typen som er sjeldan elles i Europa (Moen 1998).

## **Rasmark, berg og kantkratt**

Naturtypen sørvestnord berg og rasmark finst bra utvikla i Hyrvedalen ved Harøyburet på Harøya. Her er mange planteartar som toler uttørking, men krev mykje varme. Elles finst fleire fugleartar knytt til slike stader, som ramm, bergirisk og ringtrast. Dei sørvestnord bæra ved Myklebust har derimot endra sterkt karakter etter innplanting av sitkagran m.m. Typen "nordvestnord kystberg" er skildra av Gaarder m. fl. (2001). Denne typen inneheld ei rekke fuktrevande artar av mosar, lav og planter. I Sandøy kommune finst nokre mindre velutvikla lokalitetar med denne typen i skrentar og kløfter på nordsida av Sandøya, og kanskje i nordskråningane av Harøyburet på Harøya. Ingen av desse har påviste kvalitetar som gjer at dei er avgrensa.

## **Skog og fjell**

Dei to andre hovudnaturtypane er skog og fjell (DN 1999a). Desse typane har Sandøy lite av. Skogen er for ein stor del er innplanta (sitkagran m.m.). I Hyrvedalen på Harøya finst litt lauvskog i den avgrensa rasmarka, med tillaupe til interessante kysthasselkratt, og det vart og funne ei alm, den einaste som er funne i heile kommunen. Ein liknande type finst ved Myklebust, men her er hasselkratta dels kvelt av sitkagrana. Litt av det opprinnelige mangfaldet i hasselskogen er likevel bevart, der ein liten rest hasselkratt er avgrensa ved Myklebust sjølv om han er oppblanda med innplanta treslag. Einskilde fjellplanter finst på Harøyburet og i heiane, men stort sett er det nok lite smak av fjell i Sandøy.

# NATURTYPELOKALITETAR

## Generelt

Databasen over verdifulle naturområde i Sandøy kommune omfattar ved slutføring av dette prosjektet 34 lokalitetar. Rundt 10 av desse fanst i Naturbasen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Dei andre har kome fram gjennom dette prosjektet. For fleire av dei "nye" lokalitetane fanst det også eldre data, medan ein del lokalitetar har vore heilt ukjente fram til no. Lokalitetane er ordna etter stigande nummer. Nummer er prøvd tildelt på ein måte som gjer at nærliggjande lokalitetar har nærliggjande nummer.

Nedanfor er alle lokalitetane lista opp med nummer, delområde, namn, naturtype og naturverdi. Følgjande forkortingar er nyttia: AAF=Arne A. Frisvoll, AM=Asbjørn Moen, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal.

## 1 Ona: Husøya (kystlynghei, naturbeitemark)

|                    |   |
|--------------------|---|
| Lokalitetsnummer:  | 1546-1  |
| Andre nummer:      |   |
| Kartblad:          | 1220 IV Ona   |
| UTM (EUREF 89):    | LQ 746-752 717-726  |
| Høgd over havet:   | 1-19 m  |
| Hovudnaturtype:    | Kulturlandskap  |
| Naturtype:         | Naturbeitemark, kystlynghei   |
| Prioritet:         | B (viktig)  |
| Mulege truslar:    | Opphøyr av beiting, attgroing   |
| Undersøkt/kjelder: | Dahl (1897), Wille (1923), Aksdal (1994), 12.08.1997, 26.09.1998 (Jordal & Gaarder 1998a), 20.07.2001, JBJ, 13.08.2004, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Husøya og Ona er tidlegare besøkt og undersøkt botanisk av Dahl (1897) og Wille (1923). Særleg sistnemnde har laga ei grundig skildring av øyane etter at han budde her ein månad i 1918. Han omtalar vegetasjon på strandberg, strandenger, tangvollar, grunnlendte berg og bergsprekker, natureng, kunsteng, åker, hagar, torvtak og ruderatplassar ("skrotemark"). I dag er det i tillegg til dei typane som er nemnde ovanfor kome til noko spreidd og lågvaksen småskog av sitkagran på austsida av Husøya (rundt Ramnbjøra). Under feltarbeidet i 2004 er det avgrensa 4 separate delområde med udyrka kulturlandskap: Purkeneshaugen (lengst i sør, sørvest for gravstaden), Kalvvikhaugen (vest for gravplassen og idrettsplassen), Salen-Haugen ved Andersgarden (med Husøy lykt) og Heia (i nord mot bru til Ona). Desse områda har framleis eit relativt intakt mangfald som er muleg å ta vare på dersom området t.d. vert beita igjen. Det er laga felles planteliste og felles skildring av vegetasjon.

*Vegetasjon:* Det som har vore udyrka naturenger/beitamark har no ei matte av strø (daudgras) i botnen, og grasartane overtek dominansen der det før truleg var større artsrikdom av urter. Totalt sett er det lite lystlynghei, det meste er ulike attgroingsstadium av natureng eller grashlei. Dei grunnlendte knausane har ofte ein gras- og urterik engvegetasjon med gulaks, smyle, tiriltunge, smalkjempe, tepperot, blåknapp, småengkall, engfrytle, engvein, knebras og geitsvingel, og på fuglegjødsela stader større innslag av meir gjødseltolerante artar som engrapp, englodnegras, følblom, ryllik og engsyre. Fuktheiane har særleg røsslyng, bjørnnskjegg, duskull og slåttestorr. Dyrka åker og eng (ikkje avgrensa) har ein vegetasjon av høgvaksne nitrogenelskande planter, særleg høymole, marikåper, hestehavre, hundekjeks, hundegras, markrapp, krypsoleie og kveke.

*Kulturpåverkanad:* Husdyrbruket var nedlagt i 1997-98, men storfe har beita på innmark (attgroingsenger) i 2002 og 2003.

*Artsfunn:* Det vart i 1997 og 2004 notert 153 planteartar på Husøya og Ona, mellom desse 15 naturengplanter. Om ein i tillegg tek med listene til Wille (1923) og Dahl (1896), blir talet på registrerte planteartar 218 på Ona, Husøya og Røssholmen til saman. I eigne undersøkingar er kulturlandskapet prioritert. Her kan nemnast byhøymole, dikesvineblom, dvergsmyle (mykje, Salen, Purkeneshaugen, ved Ramnbjøra og idrettsplassen)), harerug, knebras, loppestorr, lyngaugnetrøst, jåblom, marinøkkel, skjoldberar, småengkall, sverdlilje, sylarve (Purkeneshaugen) og tusenfryd. Kulturlandskapstilknytta artar som vart registrerte av Dahl eller Wille, men ikkje attfunne, er m. a. blåfjør, kattefot, kjertelaugnetrøst, markfrytle, kvitkurle, sumpmaure og svartknoppurt. Mange av desse er små og toler lite attgroing. Ein kan i dag kanskje ikkje venta å finna dei att p.g.a. attgroinga i seinare tid. Tidlegare har det dermed truleg vore minst 25 artar av naturengplanter på Husøya, noko som i dag

ville ha plassert staden heilt i toppen i fylket. Eit spesielt funn i 1997 og 2004 var knortestorr på strandberg i Purkenesbukta (LQ 7509 7177). Denne arten har få funn i fylket.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit artsrikt beiteområde, men som no er i attgroing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Den beite- og slåttpåverka vegetasjonen utanom dyrka mark er mest verdifull biologisk sett. Denne vegetasjonen vil halda fram å gro att utan beiting. Ei løysing kan vera at nokon kan få tilskott til gjerdehald og transport av dyr slik at kulturlandskapet kan haldast ved like. Ei slik løysing vil truleg ikkje bli realisert utan aktiv medverknad frå lokalt hald og frå kommunen.

## **2 Ona: Husøya: Storsanden (sandstrand)**

|                           |                          |
|---------------------------|--------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-2                   |
| <b>Andre nummer:</b>      |                          |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona              |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 7423-7530, 7181-7194  |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-1 m                    |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst           |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrender, tangvollar |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)               |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende             |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 13.08.2004, JBJ          |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei sandstrand m.m. som ligg aust og sør for gravplassen på Husøya.

*Vegetasjon:* Det er 15-20 meter breie tangmeldebelte på ilanddrivne tangvollar, elles noko hestehavreenger inst.

*Kulturpåverkanad:* Liten, nyttå som badeplass. Litt søppel.

*Artsfunn:* Floraen er typisk for sandstrender i distriktet, med strandrug, tangmelde, hestehavre, gåsemure og klengjemaure.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei typisk og representativ sandstrand for distriket.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør unngå utfyllingar og andre større inngrep.

## **3 Røsholmen (naturbeitemark, viltområde)**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-3   |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbasen 154603821, del av 154603819   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 771-774, 730-733  |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-14 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap   |
| <b>Naturtype:</b>         | Naturbeitemark   |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Attgroing  |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Folkestad (1977), diverse sjøfuglteljingar av Oddvar Olsen, 16.06.2003 (teleskop frå Ona), 29.09.2003, JBJ |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg eit par kilometer aust for Ona, og består av grasgrodde knausar, strandberg, eit storsteinut område på nordaustsida, og ein rullesteinsrygg. Røsholmen er ein etter måten stor holme, litt kupert, med eit større parti med open, litt fuktig grasmark, og nokre låge knausar på austsida, der det også er ei relativ stor rullesteinsurd. Her ligg ein av dei gode og artsrike sjøfuglholmane i fylket, og ut frå dagens situasjon med ein av dei største toppskarvkoloniane.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er grasdominert med overgangar mellom G1, G4 og X2 (fuglegjødsela vegetasjon). Det er vesentleg meir fuglegjødsela vegetasjon her enn på Oterholmen.

*Kulturpåverkanad:* Lokaliteten var opprinnelig slåttemark med to løer, den eine står framleis. Høyet vart slått fram til 2. verdskrigen, og folk budde da i ein del av eine løa. Etter den tid vart holmen beita av sau fram til

1960-talet. Det er tidlegare spadd litt torv. Rundt 2000 vart det beita med utegangarsau nokre år. Holmen har ikkje vore brent (kjelde: Olav Viken).

**Artsfunn:** Av planter vart det ikkje notert spesielle artar. Det vart funne 2 artar av beitemarkssopp (gul småkøllesopp, raudgul småkøllesopp). Viktig hekkeområde for toppskarv, elles hekkar svartbak. Tidlegare hekka også teist, fiskemåse og terner (kjelde: Olav Viken). Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 195 toppskarv i koloni, elles vart det sett 29 ærfugl, heile 63 teist, 11 tjeld, 25 stormåse, 110 svartbak, 55 gråmåse, 44 sildemåse og 3 grågås. 16.06.2003 vart det notert m.a. (teleskop frå Ona, JBJ): tjuvjo 1, grågås >20.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av verdi som naturbeitemark dersom beitinga vert teken opp att. Lokaliteten har også viltfunksjon (ikkje verdsett her). Steinblokkene på austsida er ein viktig hekkeplass for toppskarv. Ein relativt stor koloni av dei tre store måseartane gjev ytterlegare verdi, og det er dessutan klart at hekkebestanden av fleire artar, som grågås og ærfugl, også kan vere vesentleg. Fuglegjødsela vegetasjon er ein vegetasjonstype som reknast som truga og utgjer små areal totalt sett.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at beitinga vert teken opp att. Sjøfuglane bør ikkje forstyrra i hekketida.

## **4 Oterholmen (naturbeitemark, viltområde)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-4

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 758-761, 726-728

**Høgd over havet:** 0-21 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark, kystlynghei

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Attgroing

**Undersøkt/kjelder:** Folkestad (1977), diverse sjøfuglteljingar av Oddvar Olsen, 29.09.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten ligg ein kilometer aust for Ona, og består av grasgrodde knausar, strandberg (dels bratte) og fleire småkløfter. Oterholmen er ein relativt stor holme, relativt flat og lågkupert og graskledd, dels noko myrlendt, og med svaberg og nokre knausar langs sjøen. Dette er ein sjøfuglholme med bra artsvariasjon og potensiale for auka bestand. Ved teljing 1994 var det 200-300 par sjøfugl på holmen, i 2004 ca. 180 observerte individ. Mest interessant er hekking av toppskarv.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er 10-20% røsslynghei (dels fukthei), elles grasdominert med overgangar mellom G1, G4 og litt fuglegjødsla vegetasjon (X2) på bergea.

**Kulturpåverkanad:** Lokaliteten var opprinnelag slåttemark (ingen løer). Høyet vart slått fram til 2. verdskriga. Etter den tid vart holmen beita av sau fram til 1960-talet. Det er tidlegare spadd litt torv. Rundt 2000 vart det beita med utegangarsau nokre år. Holmen har ikkje vore brent (kjelde: Olav Viken). Ca. 15 utegangarsauer vart observerte på Oterholmen 20.07.2001 (JBJ).

**Artsfunn:** Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Av planter vart det ikkje notert spesielle artar. Hekkeområde for toppskarv, grågås (fleire par med ungar 16.06.2003), elles hekkar svartbak (fleire par med ungar 16.06.2003) og truleg gråmåse. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 64 toppskarv i koloni, elles vart det sett 34 ærfugl, 8 teist, 55 stormåse og 15 grågås. Tidlegare hekka også fiskemåse og terner (kjelde: Olav Viken).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av verdi som naturbeitemark/kystlynghei dersom beitinga vert teken opp att. Strandberga på sørsida er ein viktig hekkeplass for toppskarv (ikkje teke omsyn til i verdsettinga av naturtypar).

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at beitinga vert teken opp att. Sjøfuglane bør ikkje forstyrra i hekketida.

## **5 Ona: Husøyholmane (naturbeitemark, viltområde)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-5

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 742-744, 718-723

**Høgd over havet:** 0-13 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Naturbeitemark, kystlynghei

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Attgroing  |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Diverse sjøfuglteljingar av Oddvar Olsen, 16.06.2003 (teleskop frå Ona), 29.09.2003, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg sørvest for Husøya, og består av låge, grasdominerte knausar og strandberg. Ein av holmane (Lyngholmen) har noko meir røsslyng. Eg var i land berre på Midtholmen. Alle holmane (Ystholmen, Midtholmen, Grøtholmen og Lyngholmen) er avgrensa. Denne avgrensinga kan og fungera som viltområde (sjøfugl).

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er grasdominert med overgangar mellom G1, G4, F3d (bergflate, kystbergknapp-utf.) og litt X2 (fuglegjødsla vegetasjon).

*Kulturmåverknad:* Holmane har tidlegare vore brukt til sauebeite fram til 1970-80-talet. Det var tidlegare rorbuer her, særleg befolka av otrøyningar før 2. verdskriga. Holmane har ikkje vore brent (kjelde: Olav Viken).

Rorbuene er borte og no finst det berre spor etter dei. 5 utegangarsauer vart observerte på Husøyholmane 20.07.2001 (JBJ).

*Artsfunn:* Av planter vart det ikkje notert spesielle artar. Av beitemarkssopp vart det funne 8 vanlege og vidt utbreidde artar, m. a. 6 artar vokssopp. 16.06.2003 vart følgjande fugl observert (teleskop frå Ona fyr, JBJ): gravand 4 (på land), grågås 1 kull, svartbak 5-6. Teist (raudlisteart) vart observert på land på Lyngholmen 20.07.2001 (JBJ). Rundt Ona og Husøya (m.a. Husøyholmane) vart det ved teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) observert 152 ærfugl, 72 teist, 9 gravand, 4 tjeld, 80 fiskemåse, 12 grågås og 19 silender.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av verdi som naturbeitemark/kystlynghei dersom beitinga vert teken opp att. Viltfunksjonen har og ein viss verdi.

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at beitinga vert teken opp att. Sjøfuglane bør ikkje forstyrast i hekketida.

## 6 Håværet (kystlynghei)

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-6  |
| <b>Andre nummer:</b>      |   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona                                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 751-755, 678-682                             |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 1-33 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap                                  |
| <b>Naturtype:</b>         | Kystlynghei, naturbeitemark                     |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                                      |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphøyr av beiting, attgroing                   |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 22.07.2001 (på land), 16.06.2003 (kikkert), JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Håværet består av fleire holmar som ligg på vestsida av Sandøya. I vest ligg Storhåværet som har ein høg del i sør aust og ein lågare del i sør vest skilde av eit smalt eid. Elles er også Midtre og Nordre Håværet tekne med i avgrensinga. Berre Stor-Håværet er undersøkt.

*Vegetasjon:* Holmane består av lynghei, strandberg og litt grasdominert vegetasjon. Vegetasjonen er dels røsslyngdominert. Av grasartane dominerer engkvein, smyle, englodnegras, geitsvingel og gulaks.

*Kulturmåverknad:* Holmane har tidlegare vore beita av sau. I 2003 gjekk det utegangarsauer på Nordre Håværet. Deler av Stor-Håværet har vore brent i 2004. I ei hole på Stor-Håværet skal det ha budd ein fredlaus einebuar ifølgje segna (kjelde: Ingvar Sandøy).

*Artsfunn:* Det vart funne 84 planteartar på Stor-Håværet. Det mest interessante funnet var dvergsmyle på grunnlendt berg på sørrenden (sparsam). Elles vart det funne bitterbergknapp, bogestorr, havbendel, heistorr, hestehavre, myrsaulauk, smaljempe, småengkall, strandbalderbrå og strandkvann. Det er observert indikasjoner på hekking av ramn og svartbak (16.06.2003). Området har liggeplassar for steinkobbe.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit område med kystlynghei i bruk, litt naturbeitemark og nokre interessante planteartar, m.a. dvergsmyle, som og inngår i den truga vegetasjonstypen "bergknaus av kystbergknapp-dvergsmyle-utforming".

### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg at desse gamle beiteholmane vert tekne vare på som kulturlandskap. Blant alternativa er utegangarsau.

## 7 Sandøya: Sølvika-Nesfjøra (strandenger)

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-7  |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbasen 154603815                                    |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 770-776, 682-685                                     |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-1 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst  |
| <b>Naturtype:</b>         | Strandeng og strandsump                                 |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep (truleg lite aktuelt)                   |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 15.08.1984, AAF, Holten et al. (1986b), 13.08.2004, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Open grus- og steinstrand med engområde og ein pøl innanfor. Lengst bak fleire typar vollsamfunn. Lokaliteten har interessante førekommstar av panner og steinstrand og store mengder dikesvineblom i vollane. I 2044 vart lokaliteten sjekka og avgrensa.

*Vegetasjon:* Vegetasjonstypar oppgjeve av Holten m. fl. (1986b)(samsvarar ikkje med Fremstad 1997): vasshår-pølkant, salturtpanne, saltbendelpanne, fjøresaltgraseng, saltseveng, raudsvingeleng, strandstjerne-steinstrand, havbendelsteinstrand, krypkveineng, tangmelde-vrangdå-balderbråvoll, gåsemurevoll, krushøyemolevoll, storneslevvoll, uspesifisert strandsump.

*Kulturpåverkanad:* Noko beiting av storfe (både 1984 og 2004).

*Artsfunn:* Middels artsrikt med 52 artar, mellom desse salturt, saltbendel, havbendel og dikesvineblom. I 2004 vart det og funne dvergsmyle. Viktig beiteområde for grågås og andre våtmarksfuglar.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er eit større strandengkompleks som har vore beita i lang tid og framleis vert beita. Lokaliteten har eller interessante utformingar av strandenger, panner og steinstrand med fleire regionalt sjeldne artar.

### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover å unngå fysiske inngrep. Det er ønskjeleg med framhald av beitinga. Større, beita strandenger tek til å vera sjeldne.

## 8 Sandøya: Sjåberget-Klaua (sandstrand)

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-8  |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbasen 154601300                                    |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 774-776 671-677                                      |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-1 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst  |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrand, sanddyner                                   |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep (truleg lite aktuelt)                   |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 15.08.1984, AAF, Holten et al. (1986b), 13.08.2004, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Sandstrand på austsida av Sandøya mot Easteinen, med brei tangvoll frå litt sør for Sjåberget og fleire hundre meter forbi Frikberget mest til Klaua ved Storsanden (eigen lokalitet). Området er fint, men har få samfunnstypar og er artsfattig.

*Vegetasjon:* Har m.a. svært tett og homogen tangmeldevoll som går over i eit smalt, glisset strandreddikbelte framfor ein 1,5-2 m høg strandrug-dynebrink. Attast finn fleire stader ein etablert dyne. Vegetasjonstypar oppgjeve av Holten m. fl. (1986b) (samsvarar ikkje med Fremstad 1997): strandreddikforstrand, tangmeldevoll, lys strandrugdyne, etablert dyne (hestehavredominert).

*Kulturpåverkanad:* I det store og heile liten. Bading, fiskebrygge. Litt utfylling i samband med tidlegare dyrking.

*Artsfunn:* Artsfattig, men med mykje strandreddik, som er regionalt sjeldan.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei artsfattig utforming av ein sjeldan naturtype som innbefattar nokre små sanddyner (noko truga vegetasjonstype, Fremstad & Moen 2001).

### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 9 Sandøya: Easteinen (kystlynghei, naturbeitemark)

|                    |  |
|--------------------|--|
| Lokalitetsnummer:  | 1546-9   |
| Andre nummer:      |  |
| Kartblad:          | 1220 IV Ona  |
| UTM (EUREF 89):    | LQ 781 675   |
| Høgd over havet:   | 1-18 m   |
| Hovudnaturtype:    | Kulturlandskap   |
| Naturtype:         | Naturbeitemark, kystlynghei, fukteng                                   |
| Prioritet:         | B (viktig)   |
| Mulege truslar:    | Opphøyr av beiting, attgroing  |
| Undersøkt/kjelder: | 02.08.1996, 17.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997, 1998c), 21.07.2001, JBJ |

### Områdeskildring

**Generelt:** Easteinen er ei øy som ligg på austsida av Sandøya, skilt frå Sandøya med eit grunt sund med sandbotn. Midt på øya ligg ei låg, flat engslette som truleg har vore rydda. På stranda på sørvestsida ligg eit par låge, runde steinhuagar som kan vera graver eller ryddingsrøyser.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er svært grasrik med lite røsslyng. Av grasartane dominerer engkvein, smyle, englodnegras, geitsvingel og gulaks. På høgdene finst mager grashei med finnskjegg, smyle og skrubbær, elles finst fukthei, såvidt litt røsslynghei ved nordenden, strandberg og anna grunnlendt berg, tangvollar og tendens til litt sanddyner med m. a. strandreddik på vestsida. Den flate engsletta midt på øya inneheld og fuktenger.

**Kulturpåverknad:** Dette er ein verdifull beiteholme som kan ha vore i bruk til beiting så lenge det har vore husdyr på kysten her (kjelde: landbrukskontoret). Øya har vore beita av sau til og med 1995. I 1996 grodde graset høgt. I juli 2001 gjekk her 4 langrumpsauer.

**Artsfunn:** Det vart funne 72 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Det mest interessante funnet var dvergsmyle på grunnlendt berg på sørrenden (sparsam, LQ 781 673). Elles vart det funne hestehavre, karve, raudknapp, og i sandstranda på vestsida m. a. strandreddik og strandrug. Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp, av desse 4 raudlisteartar (DC – omsynskrevande). Av desse kan nemnast kvit køllesopp *Clavaria acuta*, dynetunge *Geoglossum cookeianum* (DC), sleip jordtunge *Geoglossum glutinosum* (DC), skifervokssopp *Hygrocybe lacmus* (DC) og skarlagenvokssopp *Hygrocybe punicea*. Ved besøket den 2. august 1996 vart det også observert 10 grågås, 3 tjuvjo, fleire svartbak, tjeld, fiskemåse, sandlo, skjærpiplerke og småspove. Holmen er truleg ein viktig fuglelokalitet store deler av året.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei artsrik naturbeitemark med nokre interessante artar og raudlisteartar i lågare kategori.

### Skjøtsel og omsyn

Det er synd om denne fine gamle beiteholmen no skal gro att. Blant alternativa er utegangarsau kanskje det mest aktuelle. Eit anna alternativ kunne vera hest eller ungdyr om ein fann ein høveleg transportmåte.

## 10 Sandøya: Storsanden (kalkrik eng)

|                    |   |
|--------------------|---|
| Lokalitetsnummer:  | 1546-10   |
| Andre nummer:      |   |
| Kartblad:          | 1220 IV Ona   |
| UTM (EUREF 89):    | LQ 773 670  |
| Høgd over havet:   | 3-5 m   |
| Hovudnaturtype:    | Kulturlandskap  |
| Naturtype:         | Kalkrike enger  |
| Prioritet:         | B (viktig)  |
| Mulege truslar:    | Opphørt hevd, attgroing   |
| Undersøkt/kjelder: | Søvik (1945), 04.08.1996, 12.08.1997 (Jordal & Gaarder 1998a), 20.07.2001, JBJ, 13.08.2004, JBJ |

### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er skjelsandpåverka naturengsamfunn innanfor sanddynene på staden. Desse engene har tidlegare vore slått, men gror no att.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er overgangar mellom frisk fattigeng (G4) og vekselfuktig, baserik eng (G11).

**Kulturpåverknad:** Liten i dag. Slåtten som har vore, er opphørt.

**Artsfunn:** Det vart funne 53 planteartar i engsamfunna, mellom desse 10 naturengplanter (m. a. gjeldkarve, knegras, prestekrage, raudknapp (mykje), smallkjemp, småengkall, svartknoppurt og vill-lin). Det er funne ein beitemarkssopp i attgroande engsamfunn (*Entoloma serrulatum*).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei svakt kalkrik eng med interessante artar, men som er i attgroing.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Engsamfunna mellom sanddynene og fulldyrka mark er interessante og det hadde vore av verdi om slåtten her kunne takast opp att. Alternativt burde lokaliteten vore beita.

## **11 Sandøya: Storsanden (sanddyner)**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-11  |
| <b>Andre nummer:</b>      |  |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 773 670   |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 1-5 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst   |
| <b>Naturtype:</b>         | Sanddyner, sandstrand  |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep  |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Dahl (1895, 1897), 03.07.1934, J. Holmboe, Søvik (1945), 04.08.1996, 12.08.1997<br>(Jordal & Gaarder 1998a), 20.07.2001, 13.08.2004, JBJ |

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er eit større sandstrand- og sanddyneområde med artsrike, kalkpåverka naturengsamfunn innanfor (sjå eigen lokalitet). Sanddynene har innslag av ustabil vegetasjon med strandkveke som den mest interessante. Lokaliteten vart ikkje undersøkt eller nemnt av Holten m. fl. (1986b). Det undersøkte området er trekt noko austover og vestover i tillegg til sjølve Storsanden.

**Vegetasjon:** Full gradient frå sandstrand og ustabil sanddynevegetasjon til stabil sand med engvegetasjon (jfr. Søvik 1945).

**Kulturmåverknad:** Området er ein populær badepllass. Tidlegare har deler av sanddynene vore dyrka, og dei mest stabile, attverande delene av sanddynene har vore slått og beita, men dette området gror no att.

**Artsfunn:** I sanddynene er særleg førekostane av strandkveke av interesse i austre del av sjølve Storsanden (m. a. posisjon LQ 7739 6697), dette er truleg den nordlegaste intakte førekosten i Norge pr. i dag, og bestandane var i 2004 gode og livskraftige. Strandkveke vart først funne av Dahl (1895), seinare atfunnen av Holmboe under studentekskursjonen til Moldeområdet i 1934, og nemnt av Søvik (1945) som skildra floraen på flygesandfeltet her. Elles finst strandreddik, strandrug, stranderve, tangmelde, rukkerose m.m. Dvergsmyle vart funne på berget ved Storsanden (posisjon LQ 7727 6696) i 2001. Søvik (1945) nemner også sandarve og kystarve.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit av dei få delvis intakte sanddyneområda som er att i fylket, og fordi lokaliteten framleis i 2004 har gode førekostar av strandkveke (sannsynleg nordgrense), og dessutan andre sanddyneartar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Sanddynene er eit viktig og sjeldant naturelement, desse er først og fremst sårbar for naturinngrep. Friluftsliv på dagens nivå (badning) utgjer ingen trussel mot sanddynene.

## **12 Sandøya: ved Sandøy kyrkje (slåtteeng)**

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-12   |
| <b>Andre nummer:</b>      |   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 768 677  |
| <b>Høgd over havet:</b>   | ca. 6 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap  |
| <b>Naturtype:</b>         | Slåtteeng   |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphør av slåtten, attgroing                                |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 03.08.1996, 17.10.1996, 03.10.1998 (Jordal & Gaarder 1998a) |

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er ein liten, men artsrik flekk av natureng som blir slått årleg. Enga ligg utafor hjørnet av kyrkjegardsmuren, i krysset mellom to vegar. Grunnen er sannsynlegvis skjelsand, for det er mange indikatorar

på kalk/fosformangel, både sopp og planter. Nærare kyrkjeporten er vegganten artsfattigare, her har det vore lagra grus og kontinuiteten er broten.

**Vegetasjon:** Overgangar mellom frisk fattigeng (G4) og vekselfuktig, baserik eng (G11).

**Kulturmåverknad:** Lokaliteten vert framleis slått.

**Artsfunn:** Det vart funne 30 planteartar på den vesle engflekkjen, mellom desse 9 naturengplanter (m. a. kornstorr, marinøkkel og storblåfjør). Det er funne 13 artar av beitemarkssopp (24 artspoeng, 7 vokssoppartar). Mellom desse var dei kalkrevande og raudlista artane spissvokssopp *Hygrocybe persistens* (DC), musserongvokssopp *H. fornicata* (DC), bitter vokssopp *H. mucronella* (DC) og mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (DC), som alle er meir eller mindre sjeldne i fylket.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei lita, men nokså artsrik slåtteeng som og kan klassifiserast som kalkrik eng.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Denne vesle engflekkjen er eit nytt godt eksempel på ein "hot spot", eit lite areal med mange interessante og sjeldne artar. Det er sterkt ønskjeleg at enga framleis blir slått, og at ho blir spart for andre fysiske inngrep.

## **13 Seterøya (kystlynghei, naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-13

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 742 673

**Høgd over havet:** 1-20 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei, naturbeitemark, fukteng

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Opphøyr av beiting, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 17.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 29.09.2003, JBJ.

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Seterøya er ei flat øy på bortimot 300 dekar (grovtt anslått ut frå kart) med fleire fråflytta gardar og bustadhus. Eit eldre namn på øya er Purka. Nordvestre del er mest kystlynghei. Ved gardane er det mindre areal med fulldyrka og overflatedyrka mark, men og udyrka naturbeitemarker og strandenger. Heile øya er avgrensa, men fulldyrka mark går til frådrag i arealet av viktige naturtypar.

**Vegetasjon:** Ein mosaikk av kystlynghei, frisk fattigeng (G4), fuktig fattigeng (G1), innmark med attgroande sølvbunkeeng (G3), og ulike typar strandvegetasjon.

**Kulturmåverknad:** Før 1864 var øya felles utmark for Sandøy-gardane og hadde vore nytta til sommarbeite og seterbruk (Gåsøya, Finnøya og Seterøya var beite for kyr og hestar ifølgje Finnøy 1983a). Øya vart busett i 1864 i samband med ei utskifting. Det var registrert 16 fastbuande i 1865 og 36 i år 1900. I 1976 flytta den siste fastbuande frå Seterøya (Huse 1996). Jorda ved gardane er dyrka, men det meste av øya er udyrka og i seinare tid berre bruka til beitemark. 1996 var det siste året det gjekk langrumpsauer her, deretter har sauehaldet på Seterøya opphørt nokre år. I 1996 var det dårlig beitetrykk her og mykje høgt gras. Det same gjaldt i 2003 (29.09.), men også dette året har det beita sau på øya. I 2004 vart det sett minst 20 utegangarsauer her.

**Artsfunn:** Det vart funne 73 planteartar, av desse 20 naturengplanter. Dette er ganske høge tal. Av desse kan nemnast dvergsmyle, grøftesoleie, havstorr, kornstorr og kystmaure. Det vart i 1996 funne 28 artar av beitemarkssopp (48 poeng, 15 vokssopp-artar). Av desse var det 4 raudlisteartar i kategori DC – omsynskrevande og ein i kategori V - sårbar. På beita strandeng vart det funne gul småfingersopp *Clavulinopsis corniculata*, tre jordtungeartar, og russelærvokssopp *Hygrocybe russocoriacea*. Elles vart det funne mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides*, rombespora raudskivesopp *Entoloma rhombisporum*, lutvokssopp *Hygrocybe nitrata* og gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V). Den siste er sårbar på raudlista og er rekna som ein reint oseanisk soppart (Jordal & Gaarder 2002). Lutvokssopp er sjeldan på kysten.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av stor artsrikdom av beitemarkssopp og planter, og mange raudlisteartar, dels i høgre kategori. I tillegg er hevden no teke opp att med utegangarsau.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er sterkt ønskjeleg at beitinga held fram.

## **14 Kvaløya (kystlynghei, naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-14

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 IV Ona

|                           |                                    |
|---------------------------|------------------------------------|
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 728-732 671-673                 |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 1-12 m                             |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap                     |
| <b>Naturtype:</b>         | Kystlynghei, naturbeitemark        |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                         |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphøyr av beiting, attgroing      |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 17.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997) |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Dette er ei lita øy som ligg om lag ein kilometer vest for Seterøya, og som har vore bruka til beiting. 1996 er siste året det vart beita, brukaren har slutta med sau (kjelde: Ingvar Sandøy).

**Vegetasjon:** Det er har vore brent her, og vegetasjonen er grasrik med mykje smyle, engkvein og geitsvingel. Elles finst fukthei med slåttestorr og knappsviv, strandenger og tarevollar, strandberg og grunnlendte berg elles.

**Kulturfører:** Tidlegare beiteholme som har vore brent og nytt til sauebeite. Han gror no att (2003).

**Artsfunn:** Det vart funne 56 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Av desse kan nemnast heisiv, hestehavre, småengkall og tiriltunge. Det vart funne 9 artar av beitemarkssopp (17 poeng, 5 vokssoppartar). Mest interessant var funnet av den sjeldne gul slimvokssopp *Hygrocybe vitellina* (V - sårbar) i moserik grasmark. Typisk i dei brente områda var store mengder seig vokssopp *Hygrocybe laeta*.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit kystkulturlandskap med fleire interessante artar, m.a. ein i høgare raudlistekategori (vil isolert sett tilseia verdi A), men i attgroing pga. manglande beiting.

#### Skjøtsel og omsyn

Ettersom sauhaldet på Sandøya opphøyrte hausten 1996, står denne holmen i fare for å gro att. Det hadde vore ønskjeleg med fortsatt beiting, og eit alternativ kan kanskje vera utegangarsau, i det minste i deler av året.

## 15 Orta: Gardsvika-Knappen (strandeng, naturbeitemark)

|                              |  |
|------------------------------|--|
| <b>Lokalisatsjonsnummer:</b> | 1546-15  |
| <b>Andre nummer:</b>         |  |
| <b>Kartblad:</b>             | 1220 IV Ona                                      |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>       | LQ 792-801, 637-640                              |
| <b>Høgd over havet:</b>      | 0-2 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>       | Havstrand/kyst, kulturlandskap                   |
| <b>Naturtype:</b>            | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, fukteng |
| <b>Prioritet:</b>            | A (svært viktig)                                 |
| <b>Mulege truslar:</b>       | Opphøyr av beite/attgroing                       |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b>    | 01.10.2004, JBJ                                  |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på nordsida av Orta vest for hamna og gardane, og er eit større strandengområde som vert beita av storfe. Lokaliteten grensar i sør til myr og dyrka mark.

**Vegetasjon:** Ulike typar av strandenger og strandsumpar, fuktenger og frisk fattigeng.

**Kulturfører:** Området vert beita av storfe. Litt søppel.

**Artsfunn:** Det vart ikkje gjort særlege plantefunn, elles vart det funne 4-5 vanlege beitemarkssopp. I ein dam vart det funne andemat. Viktig hekkeområde for fugl saman med myrområdet på vestre del av Orta, sjå omtale av viltlokalitet. Lokaliteten er også beiteområde for gås, 250 grågås vart sett frå ferja 01.08.1996 (JBJ).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla strandengområde og naturbeitemark som vert halde i hevd med beiting.

#### Skjøtsel og omsyn

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 16 Orta: Valen (strandenger)

|                              |                                |
|------------------------------|--------------------------------|
| <b>Lokalisatsjonsnummer:</b> | 1546-16                        |
| <b>Andre nummer:</b>         |                                |
| <b>Kartblad:</b>             | 1220 IV Ona                    |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>       | LQ 800-803, 633-636            |
| <b>Høgd over havet:</b>      | 0-2 m                          |
| <b>Hovudnaturtype:</b>       | Havstrand/kyst, kulturlandskap |

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Naturtype:</b>         | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, fukteng |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)                                 |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphøyr av beite/attgroing                       |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 01.10.2004, JBJ                                  |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei grunn bukt med strandenger på sørsida av Orta.

*Vegetasjon:* Ulike typar av strandenger og strandsumpar beita av storfe, m.a. saltsivenger og krysivenger. Av særlig interesse er fuktenger og brakkvass-sumpar i bakkant med sverdlilje.

*Kulturfåverknad:* Området vert beita av storfe. Det grensar til veg, steingjerde og anna gjerde.

*Artsfunn:* Det vart notert m.a. havbendel og sverdlilje.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla strandengområde og naturbeitemark som vert halde i hevd med beiting.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Beitinga bør halda fram. Beita strandenger er ikkje lenger så vanlege.

## **17 Orta: Stor-Sandholmen (naturbeitemark)**

|                           |                             |
|---------------------------|-----------------------------|
| <b>Lokalisatsnummer:</b>  | 1546-17                     |
| <b>Andre nummer:</b>      |                             |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona                 |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 803 651                  |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-7 m                       |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap              |
| <b>Naturtype:</b>         | Naturbeitemark              |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                  |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphøyr av beite, attgroing |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 01.10.2004, JBJ             |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ein grasdominert holme nord for Orta. Namnet Stor-Sandholmen er bruk i samsvar med økonomisk kart.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er grasdominert med frisk fattigeng (G4) med engvein, finnskjegg og tepperot, og strandberg av vanleg og fuglegjødsela type (X1, X2), og dessutan noko pyttar med vassplanter.

*Kulturfåverknad:* Holmen vart ved besøket beita av 13 utegangarsauer.

*Artsfunn:* Det vart funne stort sett vanlege engplanter, og eit par beitemarkssoppar (gul småkøllesopp og skjørvokssopp). I ein pytt vart det funne andemat og hesterumpe.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei velutvikla naturbeitemark som vert beita av utegangarsau, og med nokre typiske artar.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med fortsatt beiting.

## **18 Finnøya: Landholman (naturbeitemark, kystlynghei)**

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalisatsnummer:</b>  | 1546-18                                 |
| <b>Andre nummer:</b>      |   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona                             |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 730-733, 657-658                     |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-10 m                                  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap, havstrand/kyst          |
| <b>Naturtype:</b>         | Naturbeitemark, kystlynghei, sandstrand |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)                        |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphøyr av beite                        |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 16.06.2003, 29.09.2003, JBJ             |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordaustsida av Finnøya, og består av beita knausar, holmar (landfast på fjøre), strandenger, fragment av skjelsandeng og mudderflater som fell tørre på fjøre sjø. Det er også sandstrand med litt tendensar til flygesand.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen spenner fra tørr kystlynghei via G4 frisk fattigeng, jordnøttutforming, dels skjelsandpåverka, til ulike utformingar av strandeng.

**Kulturpåverknad:** Gåsøya, Finnøya og Seterøya var tidlegare beite for kyr og hestar ifølgje Finnøy (1983a). Lokaliteten er beita av storfe (2003). Litt trakkskader.

**Artsfunn:** Det vart funne to raudlisteartar av beitemarkssopp: raud honningvokssopp *Hygrocybe splendidissima* (V), og raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (DC). Til saman vart det funne 14 artar av beitemarkssopp, av desse 9 vokssoppartar. Av planter fanst dvergsmyle (LQ 7321 6572), marinøkkel (LQ 7299 6578), jordnøtt og karve. Tilknytta sandstrand fanst knopparve, strandarve og bogestorr. Det vart observert ilanddrive ålegras. Av fugl vart det observert 2 varslande par sandlo, tjeld, svartbak med unge, og det var mykje gåseskit.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ei fin, intakt beitemark med variert arts mangfald tilknytta beitinga. Det er fine utformingar av den truga vegetasjonstypen jordnøtteng, og desse vert haldne godt i hevd av storfe. Fleire kravfulle artar og eit par raudlisteartar av beitemarkssopp. Tilknytt sandstranda er det også interessante artar av planter og fugl.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at beitinga held fram. Dette er naudsynt for å ta vare på kravfulle beitemarksartar av planter og sopp.

## **19 Finnøya: Lyngholman (strandeng, beitemark)**

|                           |   |
|---------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-19   |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbase 154603812   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 716-726, 653-661   |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-13 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst, kulturlandskap,   |
| <b>Naturtype:</b>         | Strandeng og strandsump, naturbeitemark, kystlynghei,   |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Opphør av beite (elles er lokaliteten del av Lyngholman naturreservat), spreiing av innførte bartreslag                       |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Folkestad (1977), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 13.07.1984, AAF, Holten et al. (1986b), 29.09.2003 + 08.11.2004, JBJ |

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten ligg på nordvestsida av Finnøya, og består av beita knausar, holmar (landfast på fjøre), strandenger og mudderflater som fell tørre på fjøre sjø. Det som her er avgrensa er i store trekk land-delen av reservatet. Lokaliteten er del av eit område som er verna som naturreservat 27.05.88 og den 19.3.1996 vart området også omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem. Hekkeplass for vadefugl, beite- og overvintringsplass for andre våtmarksartar. Utanom dei ornitologiske verdiene i reservatet er det og botaniske verdiar knytte til det store strandengsystemet med fleire grunne bukter og småholmar og store tidevassareal, og til beitebruken. Landskapet er småkupert med lyngmark, myr og beitemark ikring strandengene.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen spenner fra tørr kystlynghei på haugane via små areal frisk og fuktig fattigeng (G4, G1c), til ulike utformingar av strandeng, og dessutan litt fuktenger og ferskvassvegetasjon i dammar (m.a. P1 langskotvegetasjon). Vegetasjonstypar oppgjeve frå strand av Holten m. fl. (1986b)(samsvarar ikkje med Fremstad 1997): tusenbladsamfunn med småtjønnaks, fjøresaltgraseng, ishavsstorr-eng, saltseveng, raudsvingeleng, rustsevakseng, fjørestorrend, mjuksevakspeøl, hesterumpeøl, tangmeldevoll, gåsemurevoll, kvannvoll.

**Kulturpåverknad:** Gåsøya, Finnøya og Seterøya var i tidlegare tider utmarksbeite for kyr og hestar ifølgje Finnøy (1983a). Lokaliteten er beita av storfe (2003-2004). Litt trakkskader og litt søppel. Området er nytta som utfartsplass og badeplass om sommaren.

**Artsfunn:** Strandengene er middels artsrike (68 planteartar oppgjeve av Holten m. fl. 1986b), men med eit bra utval artar som er sjeldne eller uvanlege i fylket, m.a. bogestorr, mjuksevaks, ishavsstorr, hesterumpe, småtjønnaks, trådtjønnaks, dikevasshår, saftstjerneblom og dikesvineblom. Til saman vart det funne 9 artar av beitemarkssopp, mellom desse fleire gode bestandar av jordtunger i strandnære enger. Det vart funne følgjande 2 raudlisteartar av beitemarkssopp: dynetunge *Geoglossum cookeianum* (DC) og skjeljordtunge *Geoglossum fallax* (DC), elles fleire andre beitemarkssoppar. Fuglefaunaen er m.a. skildra på informasjonsplakatar på lokaliteten. Folkestad (1977) nemner hekkande tjeld, sandlo, steinvendar, myrsnipe, raudstilk, oppvekstområde for kull av gravand og ærfugl, beiteområde i trekktidene for ei rekke artar av ender, gås og vadefugl.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort og velutvikla strandområde som vert halde godt i hevd av storfe. I tillegg har lokaliteten med intakte soneringar, nokså stor artsrikdom, mange vegetasjonstypar og fleire regionalt sjeldne artar. Viktig viltområde.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg at beitinga held fram. Det bør ikkje bli meir trakkskader, heller mindre. Innførte bartreslag spreier seg no inntil og dels i reservatet. Desse bør ryddast vekk. Vidare gjeld forskriftene for reservatet.

## **20 Gåsøya (kystlynghei)**

|                           |                                   |
|---------------------------|-----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-20                           |
| <b>Andre nummer:</b>      |                                   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona                       |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 739-743, 655-659               |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 1-18 m                            |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kulturlandskap                    |
| <b>Naturtype:</b>         | Kystlynghei                       |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                        |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende (oppheyr av beiting) |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Folkestad (1977), 29.09.2003, JBJ |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei låg øy aust for Finnøya, med to fråflytta bruk. Også Litj-Gåsøya er teke med i avgrensinga sidan sauene kan gå over hit på fjøre sjø (kjelde: Ingolf Mork). Lokaliteten som er avgrensa er i hovudsak vest for steinutgarden. Resten (ikkje avgrensa) er ein mosaikk av fulldyrka og overflatedyrka innmark som framleis er svært attgrodd, strandberg m.m.

*Vegetasjon:* For det neste tørr og fuktig kystlynghei (H1, H3), dels beita strandenger. Det er litt einer og øyrevier i heia.

*Kulturpåverkanad:* Gåsøya, Finnøya og Seterøya var i tidlegare tider utmarksbeite for kyr og hestar ifølgje Finnøy (1983a). Øya har i dag to fråflytta bruk. Det har vore opphald i beitinga ei tid, men frå 2003 har det vore beita av utegangarsau. Øya er godt eigna som beite for desse dyra (kjelde: Ingolf Mork). Øya har framleis noko preg av attgroing. Ein ventar at dei grasdekte delene vil auka noko som følgje av at beitinga er teken opp att. Elles eit par kraftlinjer, hytte og samlekve. Litt planta bartre ved husa (utanfor avgrensa område), men desse kan spreia seg ut i heia.

*Artsfunn:* Det er ikkje funne spesielle artar av planter. Av fugl nemner Folkestad (1977) hekkande grågås, stokkand, ærfugl, 4-5 par tjeld, 2-3 par sandlo, minst 6 par steinvendar, 4 par raudstilk, enkeltbekkasin, storspove, småspove, 2-3 par tjuvjo, 10 par fiskemåse, svartbak, fleire par teiste, og ein variabel ternekoloni.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med noko attgrodd kystlynghei, men no i drift med utegangarsau.

### **Skjøtsel og omsyn**

Det er viktig å halda oppe beiting og beitetrykk også i framtida. Innplanta bartre bør ikkje få spreia seg ut i heia.

## **21 Harøya: Selvikvågen (strandenger)**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-21  |
| <b>Andre nummer:</b>      | 154603809  |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 690-699, 630-637  |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-17 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst, viltområde   |
| <b>Naturtype:</b>         | Strandeng/strandsump   |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende (naturreservat)   |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 13.07.1984, AAF, Holten et al. (1986b), 17.06.2003, JBJ |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området er verna som våtmarksreservat 27.05.88 og vart den 19.3.1996 omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem. Grunn bukt med strandengar og smale vågar i indre del, med leirer og store tidevassarealer og ei rekke av skjermande holmar utafor. Det ligg ei lita og vegetasjonsrik tjønn i sørvestre del. Beite- og hekkeplass for ender og vadefugl. Området har og særer verneverdig strandenger med m.a. store homogene flater og nesten komplette soneringar saltengtypar som er tilnærma urørte av inngrep.

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypar oppgjeve av Holten m. fl. (1986b)(samsvarar ikkje med Fremstad 1997): saltbendelpanne, fjøresalgraseng, ishavssstorreng, saltseveng, raudsvingel-urte-eng, strandstjerne-steinstrand, fjørstorrbestand, myrhattdominerte dreneringsløp, tangmeldevoll, kvekevoll, hestehavrevoll, gåsemurevoll, høgurtfleirårvoll. I 2003 vart det også observert fuglegjødsela vegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Noko næringstilførsel i 1984, beiting i indre del, ei kraftline kryssar området. Beiting også i 2003, av storfe. Elles vart det sett fleire piggtrådvasar.

**Artsfunn:** Området er artsrikt med 87 påviste planteartar, m.a. bogestorr, ishavssstorr, heifrytle, saftstjerneblom, sverdlilje og dikesvineblom. Av viltartar vart det i 2003 observert 7 par grågås med ca. 25 ungar, fleire par gråmåse, 3 par gravand, fleire tjeld, hegge, stokkender, fiskemåse, svartbak, skjerpiplerke og steinskvett. Elles har det hekka m.a. myrsnipe (kjelde: A.O.Folkestad).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit lite påverka strandengsystem med komplette soneringar, mange vegetasjonstypar og mange artar, dels regionalt sjeldne, og eit område som vert beita av storfe.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Her gjeld forskriftene for reservatet.

## **22 Harøya: Djupmyrene (intakt låglandsmyr)**

**Lokalisetsnummer:** 1546-22

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 696-714, 592-609

**Høgd over havet:** ca. 10-40 m

**Hovudnaturtype:** Myr

**Naturtype:** Intakt låglandsmyr

**Prioritet:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 17.06.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten består av dei opne, nokså flate myrområda mellom Harøy skule og vindmøllene. Dette er ei av dei større låglandsmyrene i området.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dels nedbørsmyr (J2, J3), dels fattigmyr (K3, K4).

**Kulturpåverknad:** Området grensar til bustadområde, dyrka mark og vindmøllepark.

**Artsfunn:** Det vart ikkje gjort spesielle plantefunn.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla område (>50 dekar) med intakt låglandsmyr som ligg i sør boreal sone nord for 62 grader nord. Ein komande revisjon av verdsettingskriteria i DN (1999a) kan resultera i ei oppjustering av verdien. Viktigast med lokaliteten er naturtypen og ikkje plantefaldet.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg å unngå vesentlege fysiske inngrep i myrområda.

## **23 Harøya: Harnes (strandenger)**

**Lokalisetsnummer:** 1546-23

**Andre nummer:** Naturbasen 154600002, 154603808

**Kartblad:** 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 707-711, 618-633

**Høgd over havet:** 0-2 m

**Hovudnaturtype:** Havstrand/kyst, kulturlandskap

**Naturtype:** Strandeng og strandsump, sandstrand, tangvoller, fuktenger

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Opphør av beiting og forsøpling, elles ingen kjende (del av Huse fuglefredningsområde)

**Undersøkt/kjelder:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 08.11.2004, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Den avgrensa lokaliteten består av strandenger i nordre del av Huse fuglefredningsområde. Området er verna 27.05.1988. Den 19.03.1996 blei området omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon

som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem. Lokaliteten har ei relativt brei og låglendt strandsone med beita fuktenger, strandsumpar og strandenger. Lokaliteten er hekke-, raste- og overvintringsplass for fugl. Eit observasjonstårn i kanten av lokaliteten inneholder fleire gode informasjonstavler om fuglefaunaen. Utanfor det avgrensa området ligg mudderflater, steinstrender og gruntvassområde som er ein del av reservatet (rekna som viltområde).

**Vegetasjon:** Fuktenger (G12), ulike utformingar av strandenger og strandsumpar, m.a. med ein del tiggarsoleie. Dels litt nitrofile tangvollsfunn. M.a. saltgrasenger og havstorrsump.

**Kulturpåverknad:** Område vert beita av storfe, og dette er positivt for naturverdiane. Elles litt utfylling frå tidlegare dyrking, litt søppel.

**Artsfunn:** Av planteartar kan nemast den sjeldne tiggarsoleia, dessutan dikesvineblom, strandkvann, amerikamjølke (innført), saltbendel og havstorr. Også viktig viltområde. Fleire vaduartar men også gravand og grågås hekkar i området. Særleg interessant er staden som hekkelokalitet for sørleg gulerle og sørleg myrsnipe (kjelde: A. O. Folkestad). Begge desse står som direkte truga på raudlista. Det er uvisst om nokon av desse artane hekkar i dag.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit større strandengområde som framleis vert beita. Mangfaldet av planter er dels knytt til denne beitebruken.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Ein bør rydda søppel frå tid til annan. Elles gjeld forskriftene for reservatet.

## **24 Harøya: Stykkjet-Stølen (sandstrand)**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-24  |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbasen 154600002, 154603808                        |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 707-708, 618-621                                    |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-2 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst   |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrand, tangvollar                                 |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende (del av Huse fuglefredningsområde)        |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 08.11.2004, JBJ |

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Den avgrensa lokaliteten består av sandstrender og tangvollar i søndre del av Huse fuglefredningsområde. Sistnemnde er verna 27.05.1988. Den 19.03.1996 vart området omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem. Lokaliteten har ei relativt brei og låglendt strandsone. Lokaliteten er hekke-, raste- og overvintringsplass for fugl. Utanfor det avgrensa området ligg gruntvassområde som er ein del av reservatet (rekna som viltområde).

**Vegetasjon:** Sandstrender og steinstrand med velutvikla tangvollar og driftvollvegetasjon.

**Kulturpåverknad:** Litt utfylling frå tidlegare dyrking, litt søppel.

**Artsfunn:** Det vart notert m.a. strandrøyr, klengjemaure, kveke, tangmelde, amerikamjølke og hestehavre. Undersøkingstidspunktet i november var ikkje heldig for å registrera planteartar. Fleire vaduartar men også gravand og grågås hekkar i området.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større område med tangvollar og tilhøyrande vegetasjon.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Ein bør rydda søppel frå tid til annan. Elles gjeld forskriftene for reservatet.

## **25 Harøya: Lyngneset – Sponvika (strandenger m.m.)**

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1546-25   |
| <b>Andre nummer:</b>     | 154603807                                       |
| <b>Kartblad:</b>         | 1220 IV Ona                                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | LQ 710-713, 611-618                             |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 0-1 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Havstrand/kyst                                  |
| <b>Naturtype:</b>        | Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                                      |

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep  |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 03.07.1984, AAF (Holten et al. 1986b), 08.11.2004, JBJ |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på austsida av Harøya sør for Huse fuglefredningsområde. Lokaliteten er oppgjeve å ha eit lite sanddyneområde i tilknytting til strandeng og steinstrand med tangvollområde. Dette vart ikkje attfunne i 2004. Stort mangfald av vegetasjonstypar. Ein har i 2004 avgrensa stranda frå Lyngneset til og med Sponvika i samsvar med det området som truleg vart undersøkt og beskrive for 20 år sidan. Sponvika er ei lita sandbukt.

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypar oppgjeve av Holten m. fl. (1986b)(samsvarar ikkje med Fremstad 1997): fjøresaltgras-strandkjempe-eng, saltseveng, raudsvingel-urte-eng, strandkjempe-steinstrand, krypkveineng, rustsevakseng, havstorreng, tangmeldevoll, vrangdåvoll, kvekevoll, hestehavrevoll, høgurt-fleirårvoll, lys strandrugdyne, etablert dyne, dynelynghei.

**Kulturmåverknad:** Beite i 1984, grøft til stranda, gamle piggtrådgjerde, grasvaksen veg, bruk som badeplass.

**Artsfunn:** Området er artsrikt med 85 planteartar, m. a. bogestorr, heifrytle, dikesvineblom og dvergsmyle.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit middels velutvikla og relativt artsrikt strandområde med mange vegetasjonstypar, men med få spesielle artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 26 Harøya: Nordheim: Småmalen (sandstrand)

|                           |                        |
|---------------------------|------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-26                |
| <b>Andre nummer:</b>      |                        |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 IV Ona            |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 714 608             |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-1 m                  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst         |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrand, tangvollar |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)             |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep        |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 08.11.2004, JBJ        |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten ligg på austsida av Harøya ved Nordvika og er ei bukt med sandstrand og ein smal tangvoll med driftvollvegetasjon inst. Innanfor der er det dels dyrka mark, dels planta sitkagran. Sitkagrana er planta på eit tidlegare flygesandfelt som er 5-6 meter djupt (kjelde: Olav Øyehaug).

**Vegetasjon:** Vegetasjonstypar er tangmeldevoll og m.a. høgurt-fleirårvoll.

**Kulturmåverknad:** M.a. bruk som badeplass. Sitkagran planta inntil lokaliteten.

**Artsfunn:** Det vart ikkje funne spesielt interessante artar.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit middels velutvikla sandstrand, men med få spesielle artar.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 27 Harøya: Lomstjønna (intakt låglandsmyr, dammar)

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-27  |
| <b>Andre nummer:</b>      | Naturbasen: 154603806                                  |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 III Brattvåg, 1220 IV Ona                         |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 703-707, 606-702                                    |
| <b>Høgd over havet:</b>   | ca. 10-15 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Myr, ferskvatn/våtmark                                 |
| <b>Naturtype:</b>         | Intakt låglandsmyr, dammar                             |
| <b>Prioritet:</b>         | C (lokalt viktig)                                      |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende (naturreservat)                           |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), 17.06.2003, JBJ |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten er avgrensa identisk med Lomstjønna naturreservat. Han består av eit temmeleg flatt og einsarta fattigmyrsområde med ei tjønn og fleire smådammar. Lokaliteten ligg på ei av dei større låglandsmyrne på Romsdalskysten. Lokaliteten er verna 27.05.1988 med formål å ta vare på eit viktig våtmarksområde. Den 19.03.1996 vart området omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av nedbørsmyr (J2, J3), med det finst og minerotrof fattigmyr (K3, K4). I småtjønner fanst litt flytebladvegetasjon (P2, P3) av flotgras, tjønnaks, krysiv m.m.

**Kulturpåverknad:** Området har fleire leplantingsbelte.

**Artsfunn:** Ingen spesielle planteartar vart registrert. Ifølge Fylkesmannen (1982) hekke- og beitelokalitet for fugleartar tilknytta ope myrlendte kystheier som grågås, heilo, spover og måsefugl, men og for enkelte andeartar. 17.06.2003 (JB) vart det obs. storspove (1), grågås (ca. 30 ad. og ca. 50 pull.), gråmåse (ca. 10), svartbak (ca. 10), elles flaug 3-4 lávesvaler på matleiting, og ein syngjande møllar vart høyrt i leplantinga. Om kvelden vart det høyrt sivsongar ved Lomstjønna. Ved Småtjønna vart det obs. eit stokkandpar og ein rugande tjuvjo. Elles vart det observert heipiplerke og enkeltbekkasin i reservatet. Tidlegare har sørleg myrsnipte (E - direkte truga på raudlista) hekka her, og andre spesielle artar som svømmesnipte og lappspurv. Desse er forsvunne truleg som følgje av leelta (kjelde A. O. Folkestad).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig) som naturtype på grunn av at det er eit større og velutvikla område (>50 dekar) med intakt låglandsmyr som ligg i sørboreal sone nord for 62 grader nord. Ein revisjon av DN (1999a) vil truleg resultera i ei oppjustering av verdien. Som viltområde vil det få A svært viktig.

#### Skjøtsel og omsyn

Ingen spesielle utover forskriftene for reservatet.

## 28 Harøya: Myklebustmyrene, Røsokmyrene (intakt låglandsmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1546-28

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 III Brattvåg, 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 696-714, 592-609

**Høgd over havet:** ca. 10-40 m

**Hovudnaturtype:** Myr

**Naturtype:** Intakt låglandsmyr

**Prioritet:** C (lokalt viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep

**Undersøkt/kjelder:** 17.06.2003, JBJ

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av dei opne, nokså flate myrområda mellom Harøyburet og Lomstjønna. Dette er ei av dei større låglandsmyrne på Romsdalskysten.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dels nedbørsmyr (J2, J3), dels fattigmyr (K3, K4). Det finst fleire leplantingsbelte. I småtjønner fanst litt flytebladvegetasjon (P2, P3) av flotgras, tjønnaks, krysiv m.m.

**Kulturpåverknad:** Myrene er tidlegare beita. Totalt sett verkar området i dag nokså lite påverka.

**Artsfunn:** Av fjellplanter fanst dvergbjørk og rypebær. Typiske kyststartar var klokkelyng, kysttjønnaks og øyrevier. I tilknyting til bekkar fanst litt krevande artar som kornstorr, myrmjølke, særburstorr og trådstorr. Av fugl vart det observert fleire rugande tjuvjo, gråmåse, svartbak, dessutan småspove, heipiplerke og enkeltbekkasin.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla område (>50 dekar) med intakt låglandsmyr som ligg i sørboreal sone nord for 62 grader nord. Ein komande revisjon av verdettingskriteria i DN (1999a) vil truleg resultera i ei oppjustering av verdien. Viktigast med lokaliteten er naturtypen og ikkje plantefaldet. Lokaliteten har og verdi som viltlokalitet, og nokre av dei same artane som i Lomstjønna naturreservat kan påtreffast.

#### Skjøtsel og omsyn

Det viktigaste vil vera å unngå vesentlege fysiske inngrep i myrområda.

## 29 Harøya: Malesanden (sandstrand, sanddyner)

**Lokalitetsnummer:** 1546-29

**Andre nummer:** Naturbasen 154600002, 154603808

**Kartblad:** 1220 III Brattvåg, 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 712-717, 592-604

**Høgd over havet:** 0-1 m

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst   |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrand, tangvollar, strandeng og strandsump, sanddyner   |
| <b>Prioritet:</b>         | A (svært viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende (fuglefredningsområde)  |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 11.07.1894 Ove Dahl (1895), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1982), juli 1984, AAF (Holten et al. 1986b), 17.06.2003, JBJ |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Området er verna som fuglefredningsområde den 27.05.1988 og grensar til Huse og Malesanden dyrelivsfredningsområde. Den 19.03.1996 blei området omfatta av Ramsarkonvensjonen. Dette er ein konvensjon som skal sikre internasjonalt viktige våtmarkssystem. Ei relativt brei og låglendt strandsone, hovudsakleg sandstrand. Hekke-, raste- og overvintringsplass for fugl. Fleire vaduartar men også gravand og grågås hekkar i området. Vass- og sjøfugl overvintrer i store mengder. Dei botaniske interessene er og store, med tangvoll- og sanddunesamfunn. Særleg er dynelynghøi av verdi, som den eine av tre slike i fylket som ikkje er oppdyrka. Kvartærgeologiske interesser langs strandsonene, m.a. i samband med flygesandsfelt (Naturbasen).

**Vegetasjon:** Sandstrand med breie vollar og omlag 100 m langt dyneområde som går over i dynelynghøi (W2d). Vegetasjonstypar oppgjeve av Holten m. fl. (1986b) (samsvarar ikkje med Fremstad 1997): mjuksevaks, mannsøtgraspøl, tangmeldevoll, vrangdåvoll, kvededyne, sandstorr, røsslyng-dynelynghøi (ein av få intakte stader i fylket), dynetrauliknande panne.

**Kulturpåverknad:** Ei hytte er bygd bak dynelynghøi, skogplanting i bakre del, elles lite påverka. Lokaliteten er ulikt fleire andre strandområde i kommunen ikkje beita, og vegetasjonen veks delvis høg.

**Artsfunn:** Middels artsrikt på planter, 69 artar, m. a. sandstorr (også funne av Ove Dahl i 1895), mjuksevaks, heifrytle, dvergsmyle (også funne av Ove Dahl i 1895) og hybridkveke (kveke x strandkveke). Sylarvart og funne av Dahl (1895). Av fugl vart det i 2003 observert tjeld (fleire par), sandlo (2 par), gravand (2 par), ærfugl (4), stokkand (2), storspove (1), fleire fiskemåse, svartbak, tjuvjo og skjerpiplerker. Ein krykkjeflokk kvilte på eit skjer. Elles har det hekka m.a. sørleg myrsnipte her (E – direkte truga på raudlista, kjelde: A. O. Folkestad).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med mange vegetasjons- og naturtypar, m.a. velutvikla sanddyner og dynelynghøi, som er sjeldne typar her i fylket. Elles er det funne fleire sjeldne planter.

#### Skjøtsel og omsyn

Sitkagran i dyneområda bør fjernast. Elles gjeld forskriftene for fuglefredningsområdet.

## 30 Harøya: Remmevika (sandstrand, sanddyner)

|                           |                                   |
|---------------------------|-----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b>  | 1546-30                           |
| <b>Andre nummer:</b>      |                                   |
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 III Brattvåg                 |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 706 580                        |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 0-1 m                             |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Havstrand/kyst                    |
| <b>Naturtype:</b>         | Sandstrand, tangvollar, sanddyner |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                        |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Ingen kjende                      |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 08.11.2004, JBJ                   |

#### Områdeskildring

**Generelt:** Lokaliteten består av to bukter ved Raudskjeret aust for Remma, hovudsakleg sandstrand.

**Vegetasjon:** Sandstrand med tangvollar, m.a. tangmeldebelte og strandrugvegetasjon og tendensar til flygesand med sandstorr.

**Kulturpåverknad:** Litt fyllingar i kanten av dyrka mark, grensar til dyrka mark.

**Artsfunn:** Mest interessant er førekomenst av sanddyneplanten sandstorr, elles m.a. strandrug.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ei sandstrand med tendensar til sanddyner, som er ein sjeldne type her i fylket.

#### Skjøtsel og omsyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## 31 Harøya: Harøyburet (terrengdekkjande myr)

|                          |         |
|--------------------------|---------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1546-31 |
|--------------------------|---------|

**Andre nummer:**

|                           |                     |
|---------------------------|---------------------|
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 III Brattvåg   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 695-703, 586-595 |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 80-140 m            |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Myr                 |
| <b>Naturtype:</b>         | Terregndekkande myr |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)          |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Fysiske inngrep     |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 16.06.2003, JBJ     |

**Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten består av dei opne myrområda rundt Harøyburet sør på Harøya, sørover forbi Blåhaugen og nordover til Breidalen. Terregndekkande myr er eit kystfenomen, og oppstår under tilhøve med nokså mykje nedbør og mildt klima. Større terregndekkande myrer som denne er det lite av i fylket (m.a. Nordøyane i Haram), og Noreg har eit internasjonalt ansvar for typen som er sjeldan elles i Europa.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er dominert av nedbørsmyr (J3), dels fattigmyr (K3, K4) og mindre parti med hellande intermediær fastmattemyr (L2) (m.a. LQ 6985 5903). Det finst spreidd rogn og litt buskfuru.

**Kulturpåverknad:** Buskfuru har spreidd seg og finst spreidd på myrene. Myrene er tidlegare beita. Elles går det nokre turstigar gjennom området. Harøyburet er eit populært utfartsmål for trimturar. Totalt sett verkar området nokså lite påverka.

**Artsfunn:** Av meir basekrevande myrplanter vart det funne bjønnbrodd, fjellistel, kornstorr, loppestorr, myrsaulauk, myrsnelle, sumphaukeskjegg, svarttopp og særbuskorr. Av fjellplanter fanst dvergbjørk og rypebær. Typiske kyststartar var heifrytle, heisiv, heistorr, klokkeling, kystmyrklegg, storfrytle og øyrevier.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er eit større og velutvikla område med terregndekkande myr. Området har og viltfunksjon.

**Skjøtsel og omsyn**

Det viktigaste vil vera å unngå vesentlege fysiske inngrep i myrområda.

## 32 Harøya: Myklebust (berg/rasmark/hasselkratt)

**Lokalitetsnummer:** 1546-32

**Andre nummer:**

|                           |  |
|---------------------------|--|
| <b>Kartblad:</b>          | 1220 III Brattvåg                            |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>    | LQ 693-696, 585-586                          |
| <b>Høgd over havet:</b>   | 20-80 m                                      |
| <b>Hovudnaturtype:</b>    | Kantkratt, berg og rasmark, skog             |
| <b>Naturtype:</b>         | Sør vendt berg og rasmark, rik edellauvskog  |
| <b>Prioritet:</b>         | B (viktig)                                   |
| <b>Mulege truslar:</b>    | Planting og spreiling av innførte bartreslag |
| <b>Undersøkt/kjelder:</b> | 17.06.2003, JBJ                              |

**Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten som er avgrensa er dei sør vendte berga og rasmarkene ved Haugen på Myklebust. I rasmarkene og oppe i hamrane er det lauvskog med ein del hasselkratt. Det er og ein god del planta bartre (bergfuru, furu, sitkagran, lerk). Austlege deler ligg i eit lite dalføre som også har små nord vendte berghamar med lungenever og skrubbenever.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er rasmark (F1), bergveggar (F2) og litt kysthasselkratt (D2c, truga vegetasjonstype). Rasmarkene har dominans av vivandel. I buskskiktet var det elles mykje kjøtnype, krossved og hassel.

Hasselkratta er dels storfrytledominert, dels gras- og urterike med jordnøtt og kusymre.

**Kulturpåverknad:** Lokaliteten er sterkt endra av bartreplantingar med tre opp til over 30 cm stammediameter, og ein del av den opprinnelege vegetasjonen er kanskje på veg til å bli skugga ut. Nokre av bartrea er daude, dels truleg drepne av hegrefeksment. Nokre er også blesne overende.

**Artsfunn:** I treskiktet er det grunn til å merka seg ein bergsalal. I buskskiktet var det mykje vivandel, men og mykje krossved, og dessutan begerhagtorn, villapal og naturalisert svarthyll, rips og stikkelsbær. Av planter i feltskiktet kan nemnast jordnøtt, dunhavre, klengjemaure, kusymre, lundrapp og blankburkne. Sistnemnde synest å vera i ferd med å bli skugga ut under bartrea. På skuggefelle stader langs ei dalkløft vart det funne lungenever og skrubbenever på tre og lungenever på berg. Av fuglearistar vart det registrert blåmeis, linerle, munk, gransongar, svarttrast, hegrefuglar. Dei fleste av desse er truleg hekkehuglar. Hegren heldt til i planta bartre, gråmåsen ruga i rasmarka.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er berg/rasmark og edellauvskog med mange interessante og varmekjære arter.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Viktigaste tiltak vil vera å fjerna dei innplanta bartrea. Dette vil hindra at den stadeigne, særprega floraen vert skugga ut. Sameleis er det ønskjeleg å fjerna platanlønn.

## **33 Harøya: Hyrvedalen (berg/rasmark/hasselkratt)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-33

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 III Brattvåg

**UTM (EUREF 89):** LQ 692-696, 590-591

**Høgd over havet:** 40-120 m

**Hovudnaturtype:** Kantkratt, berg og rasmark, skog

**Naturtype:** Sørsvendt berg og rasmark, kantkratt, rik edellauvskog

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** Ingen kjende

**Undersøkt/kjelder:** 16.06.2003, JBJ

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Lokaliteten som er avgrensa er dei sørsvendte berga og rasmarkene i Hyrvedalen ved Myklebust austover heilt opp mot topphammaren under Harøyburet, sjølv om floraen her ikkje er så artsrik som lågare nede. Øvst i rasmarkene og oppe i hamrane er det lauvskog med spreidde hasselkratt. Lauvskogen har osp, rogn, hassel, bjørk og vivendel.

**Vegetasjon:** Vegetasjonen er rasmark (F1), bergveggar (F2), kantkratt av einer-rose-utforming (F5d) og litt kysthasselkratt (D2c, truga vegetasjonstype). Rasmarksvegetasjonen har overraskande stor dominans av dunhavre. I buskskiktet var det mykje kjøtnype og vivendel. Dei små hasselkratta er gras- og urterike med mykje jordnøtt og ein del kusymre.

**Kulturmåverknad:** Lokaliteten er sannsynlegvis tidlegare beita, og det ein ser i dag er truleg eit attgroingsstadium med mykje daudgras og strø. Elles står nokre bergfuruer vest i lokaliteten.

**Artsfunn:** I treskiktet er det grunn til å merka seg fleire bergasal-busker og ei mindre alm. Av planter i feltskiktet kan nemnast dunhavre, jordnøtt, klengjemaure, krossved (ei stor busk opp mot Harøyburet), kusymre, kystgrisøyre, lundrapp, nyresoleie, svarteknapp og vivendel. Av fuglearistar vart det observert ramn (3 utflogne ungar), gransonar, lauvsonar, ringtrast (unge sett) og bergirisk.

**Verdsetting:** Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er ein edellauvskog med nokre interessante og varmekjære arter. Lokaliteten har og viltfunksjon.

#### **Skjøtsel og omsyn**

Dei planta bartrea er eit framandelement og bør fjernast. Dei har ingen funksjon, og kan etter kvart skugga ut deler av den varmekjære vegetasjonen, som det elles er svært lite av i kommunen (her og Myklebust). Beiting kunne vere ønskjeleg dersom dette har vore ein del av den tradisjonelle bruken.

## **34 Uksnøya (kystlynghei, naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1546-34

**Andre nummer:**

**Kartblad:** 1220 III Brattvåg, 1220 IV Ona

**UTM (EUREF 89):** LQ 64-67, 60-61

**Høgd over havet:** 1-14 m

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap

**Naturtype:** Kystlynghei, naturbeitemark

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Ingen kjende (oppheyr av beiting)

**Undersøkt/kjelder:** 17.10.1996 (Jordal & Gaarder 1997, 1998c)

#### **Områdeskildring**

**Generelt:** Dette er ei låg øy på om lag 990 dekar vest for Harøya, med to fråflytta bruk. Også nærliggjande øyar er tekne med i avgrensinga.

**Vegetasjon:** Dels tørr og fuktig kystlynghei, dels sølvbunkeeng (innmark), og frisk fattigeng (G4) og fuktig fattigeng (G1).

**Kulturpåverknad:** Første vitnemål om busetnad her er frå Snorre. I april 1206 overnatta baglarkongen Erling Steinvegg her på veg til Trondheim. Dette tyder på lang kontinuitet i beitepåverknaden. På 1500-talet var brukarane sjølveigande og velståande. Frå ca. 1600 har det vore to bruk. Dyretalet i 1714 var 16 kyr og ein hest, i 1773 på den eine garden 1 hest, 10 storfe, 5 sauher og 2 grisar. Det var registrert 16-20 fastbuande her i ulike folketeljingar på 1800-talet. Øya vart fråflytta i 1958. (Huse 1996). Etter eit beiteoppfølgje på ein del år, vart det 4.10.1993 sett ut 13 sører og 3 verar av utegangarsau av Uksnøy Villsaulag som eit forsøk på å betra beitet for grågåsa så den ikkje skal gjera så stor skade på innmarka på Harøya. Hausten 1996 var det 81 sauher, medan ein på det tidspunktetrekna med at stammen burde veksa til rundt 200 dyr. Sauen beitte ikkje på den tidlegare gjødsela innmarka det det i dag er mykje sølvbunke, men gjekk mest på mager grashei og lynghei. NINA og Nordre Nordmøre forsøksring har hatt teljingar av grågåsa og verknadene av sauebeitinga. Kjelder: gardbrukar Oddvar Røsok og ringleiar Olav Synes, Nordre Sunnmøre forsøksring.

**Artsfunn:** Det vart funne 65 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Artsutvalet var typisk for ein kystlokalisitet som denne, med artar som blåklokke, geitsvingel, gulaks, gulskolm, hanekam, hestehavre, hårvæve, knegras, lækjeveronika. I stranda vart det funne saltbendel og salturt. I 1941-42 vart det funne lodnefaks og villapal her (Sverre Midtgård, herbariet i Oslo). Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp (9 vokssoppartar). Det mest spesielle funnet var slimjordtunge (*Geoglossum difforme*) i moserik vegetasjon på Katholmen på sørssida, det tredje funnet i Norge, og truleg ein av fem intakte lokalitetar i Skandinavia. Arten er oppført som direkte truga, og er sterkt beiteavhengig. Det vart også funne tre andre raudlista jordtungeartar. Elles vart den sårbare gul slimvokssopp (*Hygrocybe vitellina*) funnen fleire stader. Dette er ein eksklusiv, oseanisk soppart (Jordal & Gaarder 2002). Tilknytt fuktig hei fanst torvnavlesopp *Omphalina ericetorum*, og raudskivesoppen *Entoloma elodes*. Også viktig viltlokalisitet, sjå eigen omtale under viltlokalisitetar. T.d. har det hekka m.a. sørleg myrsnipe her (E – direkte truga på raudlista, kjelde: A. O. Folkestad).

**Verdsetting:** Området blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort område med velutvikla og artsrik naturbeitemark og kystlynghei i drift med utegangarsau, og fleire raudlisteartar i høg kategori (E, V). I tillegg er dette eit viltområde med grågås og sjøfugl. I grunntområda utanfor er eit viktig overvintringsområde (sjå viltlokalisitetar).

### Skjøtsel og omsyn

Det er svært viktig å halda oppe beiting og beitetrykk også i framtida. Siktemålet med skjøtselen av øya på 1990-talet var å skapa eit godt beite for grågåsa slik at skadeomfanget på Harøya skulle bli mindre.

Utegangarsauen er ein god skjøttar av landskapet, og vil truleg kunne sørge for å bevara det biologiske mangfaldet som er registrert. Dei viktigaste biologiske verdiane er knytt til dei beiteavhengige plante- og soppartane, da særleg slimjordtunge og gul slimvokssopp. Det er ønskjeleg å undersøkja øya betre og å følgje med korleis vegetasjonen utviklar seg.

## Område med därlege data eller usikker status

Både eigne og andre sine undersøkingar har produsert data om lokalitetar som kunne vera aktuelle å undersøkja vidare og evt. avgrensa. Nedanfor vert det presentert ein del område som ikkje er avgrensa og prioritert i rapporten, men der det kan finnast prioriterte naturtypar som burde ha vore undersøkt betre eller avgrensa gjennom feltarbeid. Det finst t.d. ingen tydelege retningsliner for grenseoppgangar mellom C (lokalt viktig) og ”ikkje lokalitet”.

*Tabell 7. Område i Sandøy kommune med därlege data eller usikker status, som ikkje er avgrensa eller prioritert i rapporten.*

| Lokalitet   | UTM                 | Kommentar  |
|---|---------------------|--|
| Sandøya: kløft nordsida                             | Ca. LQ 768 682      | Litt usikker plassering. Nordvendte kystberg med m.a. sølvnever, lungenever og kystfiltlav, funne av G. Gaarder 03.10.1998. Truleg verdi C (lokalt viktig)   |
| Sandøya: aust for Store Straumsundhaugen (fyrlykta) | LQ 766 684          | Litt avstengd brakkvasspoll utan havgras eller andre karplanter, men med pollpryd og tang. Er vurdert til ikkje å vera lokalitet etter DN (1999a).   |
| Sandøya: viker vest for Varden                      | truleg LQ 766 680   | Holten m.fl. (1986b) omtalar to små viker med strandenger i dette området. Litt usikker plassering, sannsynlegvis er den eine Nordre-Vågen. Nordre-Vågen er ei lita vik med små strandenger, trivielle vegetasjonstypar, ingen spesielle artsfunn og lite areal. Kan vera ein kandidat til verdi C (lokalt viktig)   |
| Sandøya: stranda frå Storsanden mot hamna           | LQ 768-772, 671-677 | Dette er sørvestsida av Sandøya med strandumpar og grusflater og innslag av steinfjøre, registrert m.a. salturt og havbendel 04.08.1996 (JJB). Kanskje ikkje strandeng/strandump-lokalitet (eller verdi C), men potensiell viltlokalitet dersom ein inkluderer gruntområda utanfor.  |
| Lyngværet   | LQ 82 66            | Lyngværet har kystlynghei i attgroing med høg røsslyng, og svakt innslag av rogn og bjørk og innplanta bartre (eigne observasjonar med kikkert/teleskop). Tidlegare truleg aktuell lokalitet. 6. juli 1948 var botanikaren Knut Fægri på besøk på Lyngværet, og samla m.a. bakkeveronika, dvergsmyle, bogestorr, heistorr og vivendel. Dei to første er konkurransesvake artar som trivst best i beita område, og som truleg er forsvunne. |
| Orta  | LQ 795 635          | Myrområdet vest på Orta kunne vore avgrensa som intakt låglandsmyr. Endra kriteriar for verdsetting i DN (1999a) kan gjera dette aktuelt seinare. Området er uansett med som viltlokalitet.  |
| Harøya  | LQ 70 63, LQ 70 61  | Diverse myrområde fleire stader på Harøya kunne vore avgrensa som intakt låglandsmyr. Endra kriteriar for verdsetting i DN (1999a) kan gjera dette aktuelt seinare.  |

# VILTLOKALITETAR

## Generelt

Prosjektet har omfatta litt viltkartlegging. Prioritert oppgåve har vore å supplera og oppdatera kommunen si oversikt av viltobservasjonar. Denne er overleitt til kommunen. Sidan oversikta inneheld ein del sårbarer opplysningar er ho ikkje presentert her. Nedanfor er det omtala eit utval viltlokalitetar. Desse førekjem delvis i kommunen sitt eksisterande viltkart. Fordi prosjektet har hatt hovudforkus på prioriterte naturtypar etter DN (1999a), er det berre desse som er presenterte på kart i rapporten. Somme lokalitetar er både naturtypelokalitetar og viltlokalitetar. Desse er for det meste tatt med under naturtypelokalitetar. Ein har motteke mange viktige sjøfuglteljingar frå Oddvar Olsen.

## Ona: Ona fyr

Naturbasenummer: 154600001

Fugle- og dyrelivsfredning oppretta 24.05.35: "Fyrstasjon med tilligende statsgrunn er fredet mot ødeleggelse eller skade av ethvert slags, heri innbefatter borttaking av fugleegg."

## Ona: hamna og fyret

Naturbasenummer: 154603818

Ein hammar med ein konsentrert krykkjekoloni. Krykkje hekkar også på sjøbuene. Teljing 16. juli 1990 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 74 krykkjereir i hamna (ca. 100 ungar) og 65 reir i bergveggen nord for fyret (ca. 70 ungar). Teljing 16. juli 1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 66 krykkjereir i hamna (79 ungar) og 60 reir (+16 påbyrja) i bergveggen nord for fyret (ingen ungar). Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 76 krykkjereir i hamna og 31 reir i bergveggen nord for fyret.

## Ona/Husøya: Røsholmen/Skjela/Oterh.

Naturbasenummer: 154603819

Folkestad & Loen (1998) har samletal for sjøfugl felles for heile området i 1979 og 1994.

Skjela (154603820) er eit stort, høgt nokså nake og glatt skjer nord for Ona. I sprekker og senkingar er det ein del urtevegetasjon. Lokaliteten er ein tradisjonell hekkeplass for sjøfugl med over 150 par tidlegare. Lokaliteten har tidlegare hatt større bestandar av fleire av dei registrerte artane. Mellom anna toppskarv og krykkje. Teljing 29.07.1987 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 39 toppskarvreir i koloni, elles 10 svartbakreir og 3 krykkjereir. Teljing 16.07.1990 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 31 toppskarvreir i koloni, elles vart det merka 11 svartbakungar, sett 15 teist, 4 krykkjereir og 8 par terner. Teljing 14.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 47 toppskarvreir i koloni (telt 91 egg/ungar), elles vart det merka 35 svartbakungar, sett 16 teist og funne 3 krykkjelerir med 5 ungar. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 40 toppskarvindivid i koloni, elles vart det sett 31 ærfugl, 13 teist, 4 tjeld, 44 stormåse, 2 fiskemåse og 3 silender.

Oterholmen er ein relativt stor holme, relativt flat og lågkupert og graskledd, dels noko myrlendt, og med svaberg og nokre knausar langs sjøen (sjå også under naturtypar). Dette er ein typisk sjøfuglholme med bra artsvariasjon og potensiale for auka bestand. Ved teljing 1994 var det 200-300 par sjøfugl på holmen. Teljing 30.07.1987 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 4 toppskarvreir i koloni, elles 7 reir av gråhegre. Teljing 16.07.1990 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 14 toppskarvreir i koloni, elles vart det funne 25 par svartbak, 35 par gråmåse, 4 par sildemåse, 13 krykkjereir, 4 teister, 8 reir av gråhegre og 8 reir av ærfugl. Teljing 14.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 18 toppskarvreir (telt 37 egg/ungar), elles vart det merka 21 svartbakungar, 27 gråmåseungar, sett 24 krykkjereir med 13 ungar, telt 11 teist og funne 7 reir av gråhegre med 10 ungar. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 64 toppskarv i koloni, elles vart det sett 34 ærfugl, 8 teist, 55 stormåse og 15 grågås. Tidlegare hekka også fiskemåse og terner (kjelde: Olav Viken).

Røsholmen (154603821) er ein etter måten stor holme, litt kupert, med eit større parti med open, litt fuktig grasmark, og nokre lage knausar på austsida, der det og er ei relativ stor rullesteinsurd (sjå også under naturtypar). Det er hytte på holmen. Dette er ein av dei gode og artsrike sjøfuglholmane i fylket, (over 500 par), og ut frå dagens situasjon med ein av dei største toppskarvkoloniane. Ein relativt stor koloni av dei tre store måseartane gjev ytterlegare verdi, og det er dessutan klart at hekkebestanden av fleire artar, som grågås og ærfugl, også kan vere vesentleg. Teljing 30.07.1987 (kjelde: Oddvar Olsen) viste minst 60 toppskarvreir i koloni (220 individ observert), elles 55 teist, 1 tjuvjopar med 1 unge, minst 100 ind. av stormåse, og 1 gravandpar med

4 ungar. Teljing 16.07.1990 (kjelde: Oddvar Olsen) viste minst 144 toppskarvreir i koloni, elles vart det telt minst 10 par svartbak, minst 20 par gråmåse, minst 10 par sildemåse, 46 ind. av teist, 1 par steinvendar med 1 unge, og minst 10 par terner. Teljing 15.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 209 toppskarvreir i koloni (telt 388 egg/ungar), elles vart det merka 22 svartbakungar, 39 gråmåseungar, 5 sildemåseungar, telt 26 teist, funne 10 krykkjereir (ingen ungar), 1 par hekkande tjuvjo og minst 25 ternereir (39 egg/ungar). Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste elles 29 ærfugl, 63 teist, 11 tjeld, 25 stormåse, 110 svartbak, 55 gråmåse, 44 sildemåse og 3 grågås. 16.06.2003 vart det notert m.a. (teleskop frå Ona, JBJ): tjuvjo 1, grågås >20.

Desse 3 delområda i kommunen er aktuell for ei nærmare samla vurdering i samband med ein verneplan for sjøfugl i fylket (ifølgje Naturbasen).

## **Ona/Husøya: Tussane**

LQ 771 741. Teljing 16.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste ca. 50 par terner og det vart merka 2 svartbakungar.

## **Ona/Husøya: Skjela-Saltsteinen (Aukra)**

LQ 77-79, 73-74. Myteansamling av ca. 5000 ærfuglhannar i august 1988, den største konsentrasjonen som er sett i fylket (AOF). Det er noko uvisst om det viktigaste myteområdet låg i Aukra eller Sandøy.

## **Ona/Husøya: Kvilstkjeret**

LQ 760 743. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 2 ærfugl, 1 tjeld, 8 stormåse og 1 fiskemåse.

## **Ona/Husøya: Skåra**

LQ 755 748. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 4 ærfugl, 7 stormåse og 2 fiskemåse.

## **Ona/Husøya: Oddane**

LQ 749 745. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 215 ærfugl i området, elles 15 stormåse og 4 fiskemåse.

## **Husøyholmane**

Naturbasenummer: 154603817

Område med sjøfugl (sjå også under naturtypar). Teljing 16.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste her og rundt/på Husøya ca. 350 par terne, 68 ind. av teist, 1 svarthalespove, og det vart merka 26 svartbakungar og 9 gråmåseungar. 16.06.2003 vart følgjande fugl observert (teleskop frå Ona fyr, JBJ): gravand 4 (på land), grågås 1 kull, svartbak 5-6. Teist vart observert på land på Lyngholmen 20.07.2001 (JBJ). Rundt Ona og Husøya (m.a. Husøyholmane) vart det ved teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) observert 152 ærfugl, 72 teist, 9 gravand, 4 tjeld, 80 fiskemåse, 12 grågås og 19 silender.

## **Sveltingen**

Naturbasenummer: 154603816

Dette er eit høgt skjer med bergsprekker og litt steinur, og med litt grasband og urter i sprekkene. Viktigast er toppskarvkolonien og hekkande teist (varierande truleg i intervallet 4-8 par). Folkestad & Loen (1998) viser til at det i 1979 berre var 2 par toppskarv, medan det i 1994 var 47 par. Det har dessutan vore notert hekkande ærfugl (2 par i 1979) og svartbak (9 par i 1979) på lokaliteten. Teljing 30.07.1987 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 160 toppskarvar i kolonien. Teljing 16.07.1992 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 48 toppskarvreir i kolonien (telt 83 egg/ungar), elles vart det sett 6 teist, merka 6 svartbakungar og 4 gråmåseungar. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 48 toppskarvindivid i kolonien, elles vart det sett 11 ærfugl og 13 teist. Mink opptrer truleg sjeldan.

## **Sandøya**

I våtmarksområda rundt øya vart det utført ei teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen). Resultatet var 16 teist, 110 ærfugl, 49 krykkjereir (i hamna) 2 grågås, 2 silender, 40 stormåse og 2 gråhegre.

## **Sandøya: Ærholman**

LQ 762 671-673. 16.06.2003 JBJ sett grågåspar m. 3 ungar. Teljing 11.07.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 1 par tjuvjo med ungar.

## **Sandøya: Grønværet**

LQ 755 671. 16.06.2003 JBJ sett 2 rugande svartbak og tjeld med hekkeindikasjon. Holmen er grasdominert og med noko fuglegjødsla vegetasjon.

## **Flatfesa, Rundfesa**

Naturbasenummer: 154607200

RUNDFLESA (naturbasen): 2 ærfuglkull, 1 par gråmåse, 6 par svartbak.

FLATFLESA (naturbasen): 2 ærfuglkull, 1 par tjuvjo, 1 par tjeld, 2 par steinvendar, 1 par svartbak, 2 par terner.

## **Orta: Orteholmane aust**

Naturbasenummer: 154600800

LQ 811 638, Ærholmen m.fl. Ei gruppe små holmar og skjer som er hekke- og beiteområde for sjøfugl.

16.06.2003, JBJ: grågås med ungar.

## **Orta: Orteholmane nord**

Naturbasenummer: 154600900

LQ 799 648 =Hestholmen

Holmar og skjer som er tilhaldsplass for grågås, måsar og terner.

Sandholmane

16.06.2003 JBJ: ca. 50-tals måse (svartbak, gråmåse, fiskemåse) (sjå også under naturtypar).

## **Orta: myrparti**

Naturbasenummer: 154601700

LQ 794 633

Myrparti som er hekkelokalitet for vassfugl (sjå også under naturtypar). Under Atlasregistreringane utført av Arne Follestad vart det konstatert sikker eller sannsynleg hekking av brushane, fiskemåse, gravand, gråmåse, krikkand, raudnebbterne, raudstilk, sandlo, songlerke, sildemåse, storkkand, svartbak, svarthalespove, tjuvjo og vipe.

## **Orta: Ortehella**

LQ 786 640. Holme som er hekkelokalitet for vassfugl og beiteområde for grågås. 16.06.2003, JBJ, ca. 40 ad. grågås, mange grågåspar med små ungar sett på land, ca. 10 måse (fiskemåse, svartbak). Svartsjærer like ved (LQ 787 637) er kvileplass for skarv (JBJ).

## **Finnøya: sjøområde i nordaust**

Dette er eit av overvintringsområda i Noreg for gulnebbblom, og her overvinstrar også ein del andre sjøfuglartar (kjelde: Geir Gaarder, Folkestad 1977). Området ligg mellom Finnøya, Gåsøya, Seterøya og nordaustover mot Sandøya.

## **Finnøya: Tollingsholmen**

LQ 732 667. 16.06.2003 JBJ sett 2 svartbak + 1 hegre. Tidlegare observert kvileplass for hegre her.

## **Finnøya: Kvernholmen**

LQ 69 65. 16.06.2003 JBJ sett grågås (>4), og svartbak få. Grasdominert vegetasjon med fuglegjødsla vegetasjon, m.a. raud jonsokblom. Strandrugbelte på grusstrand på nordaustsida. Teljing av "holmar nord for Harøya" 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) viste 21 ærfugl, 15 silender og 1 gravand.

## **Harøya: Sevika: Leiskjeret**

LQ 704 646. Liten holme nær land i Sevika. 17.06.2003 JBJ sett ca. 300 terner på skjeret, truleg dels hekkande. Sett 2 ærfuglkull på land, 5-6 fiskemåse, 2 silandhoer på sjøen. Vegetasjon hovudsakeleg strandbalderbrå (fuglegjødsla).

## **Harøya: Sevika: Little Kvennaholmen**

LQ 699 644. Liten holme ved land i Sevika. 17.06.2003 JBJ sett rugande ærfugl og eit svartbakpar. Vegetasjon hovudsakeleg strandbalderbrå (fuglegjødsla).

## **Harøya: Steinshamn: Kråvika (strandsump)**

LQ 708 642, 16.06.2003, JBJ. Lokaliteten er ei bukt innanfor vegen nordvest for Steinshamn. Bukta har noko strandenger og i tillegg funksjon som raste- og matleittingsområde for fugl. Vegetasjonen er ulike utformingar av strandenger, relativt små areal. Lokaliteten er avgrensa av veg i nord. Det er grave ned røyrleidningar gjennom lokaliteten. Busetnad nær inntil. Av fugl vart det observert 20-tals fiskemåse på reir, elles 3-4 gråmåse og eit par stokkender.

## **Harøya: Sinholman**

LQ 666-672 643-645. Teljing 29.05.2004 (kjelde: Oddvar Olsen) 12 ærfugl og 3 teist.

## **Harøya: Uksnøyområdet**

Naturbasenummer: 154603802

Variert skjergardsparti med låge, men småkuperte småøyar, holmar og skjer, og med svært grunne farvatn innimellan (sjå også under naturtypar). Store leirer og strandflater, mellom dei sentrale øyane, som fell tørre på fjøre sjø. Inste øyane har lyngmark, myrlende og ein del gammal kulturmark, med strandenger langs sjøen. Ytre holmar og skjer er avvaska. Ein del sjøfugl i området. Ifølgje Folkestad (1977) overvintringsområde for inntil 10 islom, 15-20 gråstrupedykkarar, opptil 250 silender, betydelege mengder havelle. Av hekkefugl (1970-talet) 10-15 kull grågås, 1-2 par gravand, meir enn 12 hekkande par ærfugl, 5-10 par tjuvjo, inntil 50 par sildemåse (men forsvunne), ca. 500 par svartbak, fiskemåse fåtalig, inntil 60 par makrellterne og 120 par raudnebbterne, 10 par teiste, minst 5 par tjeld, 1 par sandlo, 4-5 par steinvendar, 1-2 par raudstilk, storspove, enkeltbekkasin og einskilde å myrsnipe. Myteplass for stokkand og sjøorre (inntil 110 sjøorre). Av pattedyr finst ifølgje Folkestad (1977) havert, steinkobb, oter og mink.

## **Harøya: Malesanden og Huse**

Naturbasenummer: 154603803

27.05.1988 vart det oppretta område med fugle- og dyrelivsfredning. Inne i dette dyrelivsfredningsområdet ligg Malesanden fuglefredingsområde og Huse fuglefredingsområde (sjå også under naturtypar). Nærare omtale av fuglefaunaen finst m.a. i Folkestad (1977) og på informasjonsplakatar i observasjonshytta ved Harnes.

## **Harøy/Finnøy: vestlege sjøområde i Sandøy**

Naturbasenummer: 154603801

Viktig marint område, gjeld ein vesentleg del av sjøområda i Sandøy kommune med hovudvekt på den vestlege delen. Dette er eit av dei få områda i Sør-Norge med store grunne sjøareal med sand og mudderbunn. Mange artar med sydleg utbreiing,- kan tenkast å vere ein innfallsport for slike. Kjelde: Utgreiing for DN (3/95) "Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge.- tilråding fra rådgivende utvalg." Eit nasjonalt rådgivande utval vil seinare vurdera eventuelt verneframlegg og verneomfang.

# RAUDLISTEARTAR

## Generelt

Med raudlisteartar meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (DN 1999b). Funn av planter, mosar, kransalgar, lav, sopp og sommarfugl er samanstilt for heile fylket av Gaarder & Jordal (2001), med seinare revisjonar (eigen database).

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

|    |               |    |                |
|----|---------------|----|----------------|
| Ex | utdøydd       | R  | sjeldan        |
| E  | direkte truga | DC | omsynskrevande |
| V  | sårbar        | DM | bør overvakast |

For mange organismegrupper har ein ikkje oversikt over om det er kjent funn av raudlisteartar frå Sandøy. Dette gjeld t. d. dei fleste grupper av virvellause dyr. Det er ikkje kjent raudlista lav-, mose- eller insektartar frå Sandøy. Det er heller ikkje kjent raudlista kransalgar. Med større innsats i felt ville nok mange fleire slike funn bli gjort.

Tabell 8. Oversikt over funn av raudlisteartar av nokre grupper i Sandøy. 29 funn.

| Finnarar |                      | Raudlistekategoriar |                | Grupper |         |  |
|----------|----------------------|---------------------|----------------|---------|---------|--|
| AET      | Anna-Elise Torkelsen | E                   | direkte truga  | P       | planter |  |
| DH       | Dag Holtan           | V                   | sårbar         | S       | sopp    |  |
| GGa      | Geir Gaarder         | R                   | sjeldan        |         |         |  |
| BJJ      | John Bjarne Jordal   | DC                  | omsynskrevande |         |         |  |
|          |                      | DM                  | bør overvakast |         |         |  |

| Gr | Latinsk namn                                       | Norsk namn           | Kat. | Lokalitet            | Dato       | Finnar m.m.     | UTM eller x, y  |
|----|--|----------------------|------|----------------------|------------|-----------------|-----------------|
| P  | <i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i>     | bruntelg             | DM   | "Sandøy"             | 12.07.1907 | Th. Hesselberg  | uplasserbar     |
| P  | <i>Dryopteris expansa</i> var. <i>willeana</i>     | bruntelg             | DM   | Husøya på Ona        | 00.07.1919 | N. Wille        | LQ 74-75, 72    |
| P  | <i>Leucorchis albida</i> ssp. <i>albida</i>        | kvitkurle            | DC   | Husøya pr. Molde     | 06.07.1918 | N. Wille        | LQ 74-75, 72?   |
| P  | <i>Pedicularis sylvatica</i> ssp. <i>hibernica</i> | irskskystmyrklegg    | V    | Harøya               | 08.06.1942 | Sverre Midtgård | LQ 68-71, 58-64 |
| S  | <i>Entoloma prunuloides</i>                        | mjølraudskivesopp    | DC   | Sandøya: v. kirka    | 17.10.1996 | BJJ             | LQ 768 678      |
| S  | <i>Entoloma prunuloides</i>                        | mjølraudskivesopp    | DC   | Sandøya: v. kirka    | 04.08.1996 | BJJ             | LQ 768 678      |
| S  | <i>Entoloma prunuloides</i>                        | mjølraudskivesopp    | DC   | Seterøya             | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 740 674      |
| S  | <i>Geoglossum cookeianum</i>                       | dynetunge            | DC   | Finnøya: utsida      | 29.09.2003 | BJJ             | LQ 7203 6549    |
| S  | <i>Geoglossum cookeianum</i>                       | dynetunge            | DC   | Sandøya: Easteinen   | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 780 675      |
| S  | <i>Geoglossum difforme</i>                         | slimjordtunge        | E    | Uksnøya v. Harøya    | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 653 601      |
| S  | <i>Geoglossum fallax</i>                           | skjeljordtunge       | DC   | Finnøya: utsida      | 29.09.2003 | BJJ             | LQ 7205 6559    |
| S  | <i>Geoglossum glutinosum</i>                       | sleip jordtunge      | DC   | Kvaløya              | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 731 672      |
| S  | <i>Geoglossum glutinosum</i>                       | sleip jordtunge      | DC   | Sandøya: Easteinen   | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 780 675      |
| S  | <i>Geoglossum glutinosum</i>                       | sleip jordtunge      | DC   | Seterøya             | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 740 674      |
| S  | <i>Geoglossum glutinosum</i>                       | sleip jordtunge      | DC   | Uksnøya v. Harøya    | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 653 601      |
| S  | <i>Geoglossum umbratile</i>                        | brunsvart jordtunge  | DC   | Seterøya             | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 740 674      |
| S  | <i>Geoglossum umbratile</i>                        | brunsvart jordtunge  | DC   | Uksnøya v. Harøya    | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 653 601      |
| S  | <i>Hygrocybe fornicate</i>                         | musserongvokssopp    | DC   | Sandøya: ved kirka   | 17.10.1996 | GGa             | LQ 768 678      |
| S  | <i>Hygrocybe lacmus</i>                            | skifervokssopp       | DC   | Sandøya: Easteinen   | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 780 675      |
| S  | <i>Hygrocybe lacmus</i>                            | skifervokssopp       | DC   | Orta: Rambjøra       | 01.10.2004 | BJJ             | LQ 7924 6339    |
| S  | <i>Hygrocybe mucronella</i>                        | bitter vokssopp      | DC   | Ved kirka på Sandøya | 03.10.1998 | GGa             | LQ 769 679      |
| S  | <i>Hygrocybe persistens</i>                        | spiss vokssopp       | DC   | Sandøya: v. kirka    | 01.08.1996 | BJJ             | LQ 768 678      |
| S  | <i>Hygrocybe quieta</i>                            | raudskivevokssopp    | DC   | Finnøya: Landholman  | 29.09.2003 | BJJ             | LQ 7300 6580    |
| S  | <i>Hygrocybe russocoriacea</i>                     | russelærsvokssopp    | DC   | Seterøya             | 17.10.1996 | GGa & JBJ       | LQ 740 674      |
